

Høringsutkast av 18.10.23



Kulturarven

kommunedelplan for kulturminne,
kulturmiljø og kulturlandskap
2024-2033

Aurland kommune



Framsdebilete:

Bilete fortel ein historie om ei levande bygd med utsyn over Aurlandsfjorden og verdsarven. Den fortel historia om korleis materiell kulturarv møte immateriell kulturarv gjennom geitedrifta på stølen Leim kor osten og geitepølsa er ein del av den viktige formidlinga av Aurland si fortid, notid òg framtid. Foto: Stina Skjerdal

Føreord

«Everything is a story» (Alt er ei forteljing)

- står det skrive på eit falleferdig bygg heilt nord, i Vardø.

Alt er ei forteljing, ei historie. Og me har eit ansvar å ta vare på desse historiene, enten det er fysiske bygg og konstruksjonar, eller gamle soger og mattradisjonar.

Forteljingar til ein stad, skapar tilhørlegheit. Og gjennom denne tilhørlegheita skapast ei stoltheit. Det er denne stoltheita som ber minna og miljøa vidare og gjer det til vår felles kulturarv.

-For kven er me, om det me omgjeve oss med kvar dag, ikkje vert teke vare på?

Dette dokumentet er Aurland kommune sitt verktøy for å ta vare på vår kulturarv. Saman med innbyggjarane skal me, gjennom denne planen, syte for at vår historie blir fortalt på riktig måte, og at alle som vitjar kommunen får moglegheit til å lære om, og oppleve den kulturarven me er så stolte av.

Innhald

1. Føremål og struktur11

1.1 Mål for kommunedelplan for kulturarv, kulturminne,
landskap og miljø11

1.2 Rammene for planen11

1.3 Planprosessen og Medverknad13

1.4 Oppbygging av planen14

1.5 Metode, verdisetting og verdivurdering16

1.6 Avgrensing16

1.7 Prioriteringar17

1.8 Kunnskapsgrunnlag – Oversikt over utvalde kommunale
dokument/planar17

2. Verdien av kulturarven20

2.1 Identitet og tilhøyregheit20

2.2 Kulturminne & kulturmiljø i samfunnsutvikling.....20

2.3 Klimaendringar og kulturarven21

2.4 Vestnorsk Fjordlandskap og
Nærøyfjorden Verdsarvpark22

2.5 Frivilligheit og eldsjeler23

3. Kulturarven i Aurland24

3.1 Immateriell kulturarv26

3.2 Kulturminne frå eldre tid34

3.3 Kyrkjer og kyrkjegardar38

3.4 Skular og utdanning42

3.5 Kulturminne frå landbruket46

3.6 Bygningar og bygningsmiljø53

3.7 Krigsminne60

3.8 Tekniske og industrielle kulturminne38

3.9 Samferdsle39

3.10 Reiseliv og friluftsliv72

3.11 Forsamlingshus76

4. Ivaretaking av kulturarven79

4.1 Organisering av kulturminneforvaltinga –
kven, kva og kor?79

4.2 Kulturminneforvaltinga på kommunalt nivå79

4.3 Forvaltinga av UNESCO verdsarvområde,
Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden80

4.4 Kulturminne i privat eige81

4.5 Formidling av kulturarven82

5. Mål, strategiar og tiltak84

5.1 Mål for kulturarvsatsinga i Aurland kommune84

5.2 Strategiar og tiltak85

5.3 Tiltaksplanen86

6. Litteraturliste87

7. Vedlegg88

Viktige omgrep

Kulturarv:

Samlebetegnelse for materiell og immateriell kultur. Kulturarven er den nedarva kulturen som blir overført over tid.

Kulturminne:

Spor etter menneska som har levd før oss som fortel om deira liv og virke.

Kulturmiljø:

Eit område der fleire kulturminne inngår i ein større samanheng t.d. eit område i ei bygd, ei setergrend, eit bygdetun med driftsbygnader, infrastruktur og bustader. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan og vere ein del av eit kulturmiljø.

Kulturlandskap:

Landskap forma av mennesket sitt liv og virke opp gjennom tida, eller landskap som på ulike vis ber i seg førestillingar og har ei sterk symbolverdi som påverkar menneske.

Naturlandskap:

Område der det naturlege økosystemet er rådande.

Klima:

Klima er mønsteret i temperatur, nedbør, vind, luftfuktigheit, evaporasjon og lufttrykk målt over lengre tidsperiodar. Klimaendringane aukar påkjenninga på kulturminne og kulturmiljø og kan føre til akutte hendingar og skadar som får utvikla ser over tid. Klimaendringar gir auka fare for attgroing, flaum, råteskadar og skadar som følgje av erosjon.

Materielle kulturminne:

Omhandlar områder, gjenstandar og bygningar som er av spesiell betydning for identitet og forståing av oss sjølv som individ og samfunn. Omfattar kulturminne, kulturmiljø, og kulturlandskap.

Immaterielle kulturminne:

levande tradisjon og tradisjonell kunnskap som blir overført mellom folk. Vidareførast gjennom kreative former for uttrykk t.d. handverk, mattradisjonar, musikk, dans, munnlege forteljingar.

Faste kulturminne:

Kulturminne som er fysisk jord-eller stadfeste. Når arkeologiske funn ligg i jorda eller under vatn inngår dei som delar av eit fast kulturminne.

Lause kulturminne:

Kulturminne som er flyttbar og ikkje fysisk knytt til grunnen.

Funn:

Alt som kjem fram ved utgraving og undersøkingar av faste kulturminne.

Freda kulturminne:

Freding er den sterkaste forma for vern i kulturminneforvaltninga i Norge. Staten. v. Riksantikvaren har, saman med Fylkeskommunen, det øvste ansvar for forvaltninga av slike kulturminne. Freding inneber at ein treng godkjenning av myndigheitene for å utføra endringar og inngrep som går utover vanleg vedlikehald.

Automatisk freda kulturminne:

Alle faste kulturminne som stammar frå før reformasjonen, 1537, er direkte freda gjennom kulturminnelova, utan særskild vedtak. I tillegg er ståande byggverk frå perioden 1537-1649, samiske kulturminne før 1917 og kulturminne på Svalbard før 1946 automatisk freda.

Vedtaksfreda kulturminne:

Kulturminne som ikkje er automatisk freda, men som har stor nasjonal verdi, kan fredast av Riksantikvaren. Fredinga blir påført gjennom vedtak for det einskilde kulturminne. Fylkeskommunen har mynde til å forberede saker for Riksantikvaren.

Tekniske og industrielle kulturminne:

Spor etter industriell kultur og historie.

Bevaringsverdig/verneverdig:

Eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og identifisert som verneverdig.

Lokalt vern: Eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og identifisert som verneverdig.

Omsynssone:

Eit område utmerka i offentleg arealplan der det skal takast spesielle omsyn ved bruk og utnytting av arealet. Plan og bygnadslova stiller *streng* krav til at kommunane skal sikra kommunalt vern gjennom arealplanlegging. §11-8 plan og bygningslova.

Omsynsone c:

Omsyn til grønstruktur, landskap eller bevaring av natur - og kulturmiljø

Omsynsone d:

Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan - og bygningslova eller andre lover. Aktuelt der det skal utarbeidast ei reguleringsplan for område

Krigsminne:

Fysiske eller immaterielle minne etter krig og okkupasjonstid. T.d. forsvarsanlegg, lause gjenstandar og minneforteljingar.

Stølsminne:

Kulturminne knytt til stølskultur. Gjeld både materielle kulturminne og immaterielle kulturminne t.d. stølshus, stølsvegar, utsyr brukt i matproduksjon, tradisjonar, kunnskap og teknikk. Stølsminne kan inngå som del av kulturmiljø og kulturlandskap.

Askeladden:

Nasjonalt register for registrering av kulturminne til bruk i offentleg forvaltning. Riksantikvaren er systemansvarleg.

Kulturminnesøk:

Nettside drifta av Riksantikvaren med informasjon om kulturmiljø, kulturminne og landskap i Norge. Kulturminnesøk baserer seg på data på data frå kulturminnebasen Askeladden. Også private brukarar kan leggja inn data og registrere kulturminne i Kulturminnesøk.

Høyringsutkast av 18.10.23

Listeført kyrkjer:

Alle kyrkjer bygde mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeført. Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.

SEFRAK:

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne (SEFRAK): Nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900.


Verneområde:

Område underlagt restriksjonar frå myndigheitene, som skal vernast mot inngrep eller forstyrringar.

Landskapsverneområde:

Sårbare kultur- eller naturlandskap med stor nasjonal eller internasjonal verdi, økologisk, kulturelt eller som kjelde til oppleving. Omfattar kulturminne som bidreg til landskapets eigenart. Verneforma blir ofte nytta til å ivareta kulturlandskap i aktiv bruk.

Arkeologiske kulturminne: Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder. Alle kulturminne eldre enn 1537 er sikra juridisk vern gjennom automatisk freding. Omgrepet omfattar både enkelt kulturminne og kulturmiljø. Kulturminna kan vera synlege (over bakken) og usynlege (skjulte).



Figur 1. Bilete syner det gamle bygningsmiljøet langs fjorden som er viktig å ta vare på, frå Vangsgaarden til høgre, via naustområde og bygga i Skinnarvikji til Vangen skule (Vangen barnehage) og gamle Vangen skule. Foto: Gøran Johansen.

Innleiing

Kulturarven er den historiske plattformen samfunnet vårt er tufta på. Begrepet *kulturarv* er eit vidt og femner både om dei materielle og dei immaterielle kulturminna våre. *Kulturminne* blir etter kulturminnelova definert som: *”alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar knytt til historiske hendingar, tru eller tradisjon.”* Dei fortel kulturhistoria vår, overført frå generasjonane før oss. No er det vår oppgåve å forvalte den på ein god måte.

Om vi tek vare på kulturminna kring oss på ei berekraftig måte har kulturminneverdiane eit nærmast utømmeleg potensiale for lokal verdiskaping, utvikling og næring som me kan ta med oss inn i framtida.

Planen ser på korleis forvaltninga kan leggja til rette for samarbeid retta mot ei rekke lokale aktørar. Kulturarven i Aurland er ein enorm ressursbank for næringsliv og reiseliv til å utvikla produkt og opplevingar.

Ulike lag og organisasjonar arrangere kurs, samlingar, turar og arrangement i historiske miljø, slik at innbyggjarar og besøkande skal kunne få innblikk i historia som ligg bak. Om det vert gjort på rett måte kan slike tiltak og vere kulturvern. Det å ta i bruk gamle hus som ikkje er i bruk, eller arrangere kurs i gamle handverkstradisjonar, bles nytt liv i tradisjonar og ting. På denne måten sikrar me at dei blir teke vare på for ettertida.

«Det overordna målet er ein god balanse mellom å ta vare på dei enkelte kulturminna, sikre god forvaltning og formidling av kulturarven og gje minnerike opplevingar for dei lokale og besøkjande.»

Planen skal vere eit hjelpemiddel i høve til vern, og å leggja til rette for bruk, formidling og skjøtsel av kulturminne i Aurland kommune.

Planen skal og ha ei rettleiande funksjon for eigarar av kulturminne.



Figur 2. Otternes bygdetun er ein blanding av rekkje- og klyngetun som ligg omtrent midt mellom Flåm og Aurland. 27 bygg dannar tunet, kor dei eldste bygga er oppført omtrent ved år 1700, men med spor av busetting frå ca. 300 e. kr.

KAPITTEL 1.

Føremål og struktur

1.1 Mål

Aurland kommune sitt mål med kulturminne- og kulturmiljø politikken:

- Auka kunnskap om kulturarven
- Sikre betre forvaltning av kulturarven
- Gjennom desse to bidra til å utnytte den ressursen som ligger i kulturarven

Planen vert utarbeidd som ein kommunedelplan i samsvar med føresegnene i plan og bygningslova. Med ein plan for kulturarv vil kommunen få på plass eit styringsverktøy for dette fagfeltet. Planen skal følgje opp lokale, regional og nasjonale målsettingar for forvaltning av kulturminne.

1.2 Rammene

Forvaltningsansvaret for kulturminne er fordelt mellom forvaltningsnivå staten, fylke og kommunen. Det er regulert av lovverk, strategiar og forventningar.

Det er utarbeidd **nasjonale miljømål** for kulturminne og kulturmiljø, 2.1 *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.*

St. meld. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste legg vekt på styrking av den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet, og på kor viktig det er at kommunane skaffar seg oversikt over verneverdige kulturminne i kommunen gjennom kulturminneplanar.

Regjeringa la i mai 2019 fram nasjonale forventingar til lokal og regional planlegging. Regjeringa har klare forventingar til den

lokale og regionale planlegginga innan for kulturminne og kulturmiljø:

«Dei vanlegaste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiar er utbyggingspress og manglande bruk av eldre bygningar. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap i tråd med nasjonale mål.»

Vidare skriv dei:

«Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare fellesgode som kan gi grunnlag for økonomisk, sosial, kulturell og miljømessig utvikling. Gjenbruk av den historiske bygningsmassen kan også gi betydelege klimagevinstar. Arealendringar og endra bruk er nokre av dei viktigaste påverknadsfaktorane for kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk.»

Spesielle forventningar til kulturminneforvaltninga i verdsarvområda:

«Fylkeskommunar og kommunar har ei viktig rolle i å oppfylle Verdsarvkonvensjonen. Dei norske verdsarvområda skal vere gode eksempel på heilskapleg natur- og kulturminneforvaltning»

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrstårn for den beste praksisen innanfor natur og kulturminneforvaltninga gjennom arealplanlegginga.

Nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken

I 2020 Kom stortinget med nye mål i kulturmiljøpolitikken som vektlegg tema engasjement, berekraft og mangfald. Med omgrepet Kulturmiljø vektlegg meldinga område der fleire kulturminne inngår i ein større samanheng. Meldinga vektlegg viktigeita av å sjå på heilskap og samanheng mellom natur og kultur og arbeide for ei sterkare tilknytning til klima- og miljøpolitikken.

“Kulturmiljø er et felles gode og en viktig samfunnsressurs som kan bidra til både miljømessig, sosial og økonomisk bærekraft

Dei tre nye nasjonale måla i kulturmiljø-politikken, er:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom ei heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø tas vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Kultur bygger samfunn – Regional plan for kultur 2023-2025, Vestland fylkeskommune.

Hovudmål:

-Alle skal kunne delta, oppleve og skape.

Delmål:

-Vestland skal vere eit leiande kulturfylke

-Eit inkluderande kulturliv skal vere ein ressurs for å utvikle eit mangfaldig samfunn.

-Kulturen skal vere grunnlag for sosial, miljømessig og økonomisk verdiskaping.

-Kunnskap skal vere grunnlag for ei berekraftig og planmessig kulturutvikling.

Om planens funksjon og form:

«Planen skal bidra til å samordne sprikande sektormynde, og vere eit koplingspunkt mellom kommunane, fylkeskommunen og staten. Godt samarbeid mellom det offentlege og eit stort og omfangsrikt kulturliv, er ein føresetnad for å utvikle kulturtilboda i samsvar med planen sine ambisjonar.»

Regionalplanen vil vere ein viktig raud tråd mellom denne planen og statlege føringar og målsettingar.

Kommuneplanen sin arealdel

Kulturarven skal og leggest til grunn for arbeid med utarbeiding av ny KPA (kommuneplanen sin arealdel). I tråd med riksantikvaren sine retningslinjer for kommunalt vern av kulturminne, skal planen gje grunnlag for oppretting av omsynssoner og prioriterte kulturmiljø, etter plan og bygningslova. Kulturminneplanen kjem med tilrådingar knytt til kulturminne/miljø i hovuddokumentet, i tillegg til føringar for kva som skal takast med i tiltaksplanen.

Kommunen sin samfunnsdel

Aurland kommune sin samfunnsdel blei vedteke i november 2022, og er eit viktig styringsverktøy. Kommunen er kjend som ein reiselivskommune med store verdiane knytt til natur, kultur og landskap.

Naturlandskapet har gjeve grunnlag for heilt særeigne kulturverdiane. Folk har busett seg og opphaldd seg i Aurland i lange tider, og det er mange spor på dette i omgjevnadene våre: Med gravhaugar og steinopplegg, tradisjonell stølsdrift i bratte fjellsider, verneverdige klyngetun og strandsitjarmiljø. I tillegg har me fleire nasjonalt og internasjonalt kjente kulturelle attraksjonar som Flåmsbana, Rallarvegen, Aurlandsdalen og Undredal Stavkyrkje, for å nemne nokon.

Samfunnsplanen tek for seg fleire delmål der strategiar om kulturfeltet er teke med i fleire av desse. Mellom anna står det at forvaltninga skal ha grundig kunnskap og oversikt over natur- og kulturverdiane.

Satsingsområdet «*Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning*» handlar om utvikling av næringslivet og

korleis kommunen skal sikre natur- og kulturverdiane og leggje til rette for besøkande.

Eit av hovudmåla er:

«Aurland kommune har eit grønt næringsliv med lokal verdiskaping og ein god forvaltning av den unike natur- og kulturarven.»

Delmål:

-Natur- og kulturverdiane i kommunen vert forvalta på ein berekraftig måte og er forankra i strategien om at desse verdiane skal fremjast som ein del av innbyggjaranes identitet og tilhøyrse.

-Framtidig arealbruk og utbygging må og ta omsyn til kulturverdiane me har og bruke desse for å styrke vår identitet og bygde omgjevnadar.

1.3 Planprosessen og medverknad

Rullering av planen starta fyrst opp i 2015 og planprogrammet vart vedteke 26.01.17. Gjennom 2017 og 2018 vart det fleire arrangement og samlingar knytt til innspel og tema i planen. Planen blei lagt ut på høyring den 05.11.19 og det kom inn 5 innspel, kor fleire var samordna. Alt frå denne prosessen er teke med inn i slutføring av planarbeidet, som starta opp igjen desember 2022, mellom anna innspel frå:

-Stølsdag på Sinjarheim og stølsdagar på Langhuso i 2017

-Kulturminnekveld og krigsminnesamling i 2017

-Kulturminnekveld om klima og kulturminne i 2018

Det vart i januar 2023 oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå plan, kultur, landbruk, Nærøfjorden Verdsarvpark, byggesak og teknisk eining. Representantar frå Eldrerådet i Aurland og Aurland Sogelag har bidrege med

Høyringsutkast av 18.10.23

innspel og kompetanse, som ein ressursgruppe i slutføringa av dokumentet. Teknisk eining har bidrege med kartarbeid i planen. Det er i hovudsak kultur, landbruk og plan som har stått for utarbeidinga av sjølve plandokumentet. Lokale ressurspersonar har levert tekstlege bidrag under kapitelet om den utvalde kulturarven, immateriell kulturarv.

Gjennom informasjons- og innspelsmøte den 11. mai 2023 jobba me med kart, tema og kulturminne-innspel. Me snakka om prioriteringar og kva som var viktig å få med i planen.

Verkstadene med både eldrerådet og ungdomsrådet ga nyttig forankring av planen, og bidrog til fleire innspel. Me har i tillegg hatt medverkande rundar med årsmøtet i Sogelaget, og på politisk nivå i løpet av våren 2023.



Figur 3. frå informasjons- og innspelsmøte den 11. mai, 2023.
Foto: Gøran Johansen

1.4 Oppbygging av planen


Oppbygginga av kulturminneplanen har fått ei temabasert innhald, inndelt i 4 ulike geografiske område. Inndelinga er meint å leggja til rette for god brukarmedverkinga ved å skapa lokalt engasjement og sikra geografisk representativitet for dei ulike områda.

Sonene har teke utgangspunkt i dei eksisterande sokna.

Dette har me gjort for å styrke dei einkilde kvalitetane og identiteten til kvart sokn/dal. Plandokumentet er tilpassa andre kommunale plandokument, t.d. kommuneplanens arealdel. At kulturminneplanen ligg til grunn for arealdelen er viktig for å sikra ei god tverrfagleg forvaltning av kulturarven i Aurland kommune.

Planen er delt inn i følgjande geografiske område:

- Sokn/Delområde 1:
Nærøyfjorden/Nærøydalen/Breisnes
- Sokn/Delområde 2:
Undredal m. stolar og høgdegardar
- Sokn/Delområde 3:
Aurlandsvangen m. Skjerdal/Aurlandsfjellet,
Aurlandsdalen og Vassbygdi
- Sokn/Delområde 4:
Fretheim og Flåmsdalen



1.5 Metode - verdsetting og verdivurdering

Riksantikvaren har ein rettleiar for utarbeiding av kommunale planar for kulturminnevern. I høve til riksantikvaren sine retningslinjer inneber arbeidet med kulturminneplan innhenting av eksisterande og ny kunnskap, *verdsetting* og *verdivekting* og ei oversikt over prioriterte tiltak og verkemiddel i planen sin handlingsdel. Arbeidet med planen bygger i all hovudsak på desse retningslinjene og metodane.

Ved prioritering mellom ulike kulturminne ser me på sjeldsyn og representativitet i lokal, regional og nasjonal samanheng.

Ved **verdsetting** av eit kulturminne eller kulturmiljø ser me på tre forhold:

- Kva verdiar kan vi tilskrive kulturminne?
- Kva andre eigenskapar kjenneteiknar kulturminnet?
- Kva kjenneteiknar kulturminnet samanlikna med andre kulturminne?

Vidare er det sett på tre verdikategoriar for vurdering av den spesifikke kulturminne/ kulturmiljøet:

1. Kunnskapsverdien: Opphav, bruk og betydning for menneske sitt liv, tro og samfunnsforhold og interaksjon mellom menneske og natur

2. Opplevingsverdien; Korleis kulturminne påverkar oss, som menneskjer og som fellesskap.

3. Bruksverdien: Verdien kan takast vara på eller aukast, eller reduserast ved feilaktig bruk.

1.6 Avgrensing

Sjølv om me skulle ynskje det, kan ikkje alt gammalt takast vare på. God kulturminneforvaltning krev økonomiske midlar, ressursar, engasjement og kunnskap. Det nye må og få plass. Dette er ein vanskeleg balansegang som det er knytt mykje sterke følelsar til og som vekkar engasjement i oss. Når det skal lagast ein realistisk tiltaksplan for kulturarven må det gjerast eit utval basert på faglege vurderingar og retningslinjer.

Vedteken planprogram for ny kommunedelplan for kulturarv omfattar både den *immaterielle* og den *materielle kulturarven* vår. Dette famnar om eit nesten uendeleg stort tema. Avgrensing er såleis ei viktig del av arbeidet.

I denne planen har vi valt å fokusera på eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø. Utvalet av kulturminne er ikkje mein som ein fullstendig oversikt over all kulturarv i Aurland. «*Plan for vern av kulturminner Aurland kommune*» frå 1990-talet dekkjer ei omfattande oversikt over desse og vil framleis vera eit viktig tilleggskdokument.

Temaområda i planen prøver å gje eit bilde av kulturarven i Aurland gjennom eit representativt utval av ulike type kulturminne og kulturmiljø. Kva har me? Kva skal me ta vare på? Korleis gjer me det?

1.7 Prioritering

Kulturminna- og kulturmiljøa som er omhandla i planen er henta frå tidlegare utarbeida plandokument og registreringar. Svara som kom inn i samband med høyringsrunden av utkast til kommunedelplan for kulturminne i 2020 er teke omsyn til i den vidare utarbeidinga.

Prioriterte tema frå planprogrammet er: Stølsdrift/stølskultur, Kulturminne frå krigen (Den immaterielle arven etter krigen), og kulturminneforvaltning i eit endra klima. Kulturminne i Aurlandsdalen, inkludert stølar og drifteveg, får eit ekstra fokus i denne planen.

1.8 Kunnskapsgrunnlag – oversikt over utvalde kommunale dokument/planer

Arbeidet tek utgangspunkt i tre eksisterande plandokument:


- «Høyringsutkast for kommunedelplan for kulturarv, 2020-2023 (2019)».
- « Plan for vern av kulturminner i Aurland kommune Del 1, materielle kulturminner (1990)»
- « Plan for vern av kulturminner i Aurland kommune Del 2, immaterielle kulturminner (1992)»

I tillegg til desse planane har arbeidsgruppa lagt til grunn andre planar som er utarbeida av, eller på vegne av, Aurland kommune. Desse planane kjem med konkrete tiltak og strategiar som vil syna til i planen sin Tiltaksplan.

Plan for vern av kulturminner i Aurland kommune

Del 1

Materielle kulturminner



Figur 4. Den første kulturminneplanen vart delt i materielle og immaterielle kulturminne. desse er viktige kunnskapsgrunnlag.

Strategisk tiltaksplan for kulturarv i Aurlandsdalen (Clemetsen, november, 2019)

På oppdrag frå Aurland kommune laga Morten Clemetsen, som eit delprosjekt til ny kulturminneplan, ein «strategisk tiltaksplan for forvaltinga av kulturarv i Aurlandsdalen». Rapporten er ein pilot for å sjå om delar av kulturminneplanen kan framstillast i ein meir strategisk form, eigna som grunnlag for tiltaksplanar. Rapporten er bygd opp med tanke på overføringsverdi til andre område i kommunen.

Klima, miljø og beredskap: ADAPTNorthern Heritage rapport

Aurland kommune deltok i 2018 og 2019 i eit pilotprosjekt i regi av Riksantikvaren og Adapt Northern Heritage. Målet med prosjektet var å utarbeide nye retningslinjer for risikovurdering og risikovurderande tiltak. I 2021 ga riksantikvaren ut rapporten «*Klima og kulturmiljø, Aurland kommune – Risikovurdering og planlegging av risikoreduserande tiltak*». (Riksantikvaren, Adapt, Aurland kommune, 2021)»

Rapporten kartlegg klimarelaterte risikofaktorar med utgangspunkt i tre utvalde områder; stølsmiljø på Langhuso, Aurlandsdalen og trebyggingar. Risikofaktorane som var vurdert er knytt til ei rekke miljømessige forhold:

- Biologisk vekst knytt til aukande nedbør
- Nedbryting av treverk som følge av råte og angrep frå insekter
- Skadar forårsaka av overflatevatn, jordsig, ras og andre skadar som følgje av flaum.

I samarbeid med riksantikvaren utførte Aurland kommune ei risikovurdering basert på metode og kriteria utarbeida av ADAPT Northern Heritage. Det vart gjort ein analyse av dei utvalde område med ei sansynlighetsvurdering med gradering av potensielle faremomenta i dei utvalde områda. Risikoen for skade er anslått å auka betrakteleg fram mot 2050 som følgje av klimaforandringar. Rapporten kjem med forslag til tre konkrete risikoreduserande tilpassingstiltak som vert med i tiltaksplanen.

1. Aurland kommune skal vere eit kunnskapsnav som syter for at eigarar av kulturminne får oppdatert informasjon.
2. Aurland kommune skal setja kulturmiljøverdiar i fokus gjennom utarbeiding av kommunedelplan for kulturarv.
3. Satsing på levande stølsmiljø. Aurland kommune skal arbeide for å fremja og sikra betre kår for drift slik at eigarar kan halda miljøet i god stand.

Restaureringsplan for vestnorsk fjordlandskap

Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden er eit arbeidsdokument for å setje i stand kulturminne i verdsarvområdet på best mogleg måte og omhandlar berre kulturminne i verdsarvområdet som har behov for ei eller anna form for istandsetjing. Eit av fylkeskommunen sine viktigaste verktøy til å nå måla i restaureringsplanen er tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven. Kvart år kan eigarar av kulturminne i verdsarvområdet søkje Vestland fylkeskommune om tilskot til istandsetjing av sine kulturminne frå denne tilskotsordninga.



Figur 5. Fjellgarden Østerbø i Aurdalen fekk eigen kyrkjegard i 1858. Han var i bruk til 1911, då den siste vart gravlagd der. Men alt tidlegare gravla dei folk der oppe. Foto Magnhild Aspevik

Kapittel 2.

Verdien av kulturarven

2.1 Verdiskaping gjennom kulturarven

Omgrepet «verdiskaping» er ikkje avgrensa til å gjelde berre økonomisk vekst og fordeling av materielle godar, men gjeld også for miljømessige, kulturelle og sosiale dimensjonar.

Ein pratar da om **brei verdiskaping**.

I strategisk tiltaksplan for Aurlandsdalen beskriver Morten Clemetsen desse fire innfallsvinklane til å dokumentere korleis natur- og kulturarven skapar samfunnsverdiar:

Miljømessig verdiskaping handlar om å sikre, restaurere og vedlikehalde bygningar, ferdselsvegar og andre menneskeskapte element i landskapet.

Kulturell verdiskaping handlar om å ta vare på og formidle den immaterielle kulturarven gjennom forteljingar og gjennom praktisk arbeid med utgangspunkt i eldre teknikkar og kunnskap.

Sosial verdiskaping handlar om å legge til rette for ferdsel i kulturlandskapet, skape gode møteplassar, arrangement og aktivitetar som gjer at folk møtast.

Økonomisk vil Aurland kommune få større verdi for lokalt næringsliv gjennom auka besøk, der me ynskjer det, styrking av logistikken, og aktivitetar som vil kunne gje inntekter til vedlikehald og restaurering av kulturmiljøet.

Me må sjå disse fire elementa i samanheng, som til dømes at private næringar som driv med handverk, lokalmat & drikke, overnatting, aktivitetar og opplevingar kan utviklast til å forsterke ein felles kulturarv, gjennom tradisjonar, historier,

kunnskap, identitet og kulturlandskap. Og igjen korleis denne felles kulturarven blir ressurs og gir ein meirverdi tilbake til den private næringa.

Gode døme på dette «økosystemet» - kor små og store bedrifter i eit område er gjensidig avhengig av kvarandre, finn ein fleire eksempel på her i Aurland, mellom anna Norway`s best som tilbyr mat, seng og transport til fjells (Myrkdalen) og til fjords, men i tillegg har ein fot innanfor to lokale verksemder; Aurlands (Aurlandsskoen) og Haugen gardsmat. Begge aktørar driv med produkt produsert på tradisjonelt vis med lang kulturhistorie, lokalt. (Agnes Brudvik Engeset, Vestlandsforskning).

2.2 Kulturminne & kulturmiljø i samfunnsutviklinga

samfunnsdelen

I Aurland kommune sin samfunnsdel ligg det konkrete føringar på korleis ein ynskjer å ta vare på verdiane me har. Samfunnsdelen er eit verktøy for kommunen sin heilskaplege planlegging. Planen vektlegg viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjer dei strategiske vala kommunen skal ta.

KULA – Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Riksantikvaren har ansvar for å medverke til at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet vert tekne vare på.

Klima- og miljødepartementet har bede Riksantikvaren om å lage eit lands-omfattande oversyn over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Høyringsutkast av 18.10.23

Det er dette som skal verte KULA-registeret. Landskapa som vert valde ut, skal saman vise mangfaldet i historia vår – korleis menneske har levd i og brukt landskapet, kva som har skjedd der og kva spor frå tidlegare tider som er der.

KULA-registeret er ikkje ein verneplan og landskapa vert ikkje freda eller verna ved at dei vert med. KULA er eit signal om at det er viktig å ta omsyn til verdiane, og skal vere eit kunnskapsgrunnlag som kommunane og andre etatar kan bruke i arealplanlegginga si. Det er viktig at landskapa framleis er i bruk og at jorda og skogen vert driven vidare. Framhald i drift kan i mange høve vere avgjerande for å ta vare på landskapsverdiane. Ein KULA-status skal ikkje stoppe utviklinga, men bidra til ei god utvikling som varetek verdiane

Aurland kommune er for tida i ein prosess der me ser på fleire område knytt til denne statusen; Flåmsdalen, Aurlandsdalen og vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområdet.

Aurland kommune kan legge KULA-område inn som omsynssone i det kommunale arealplankartet, som kan vere eit nyttig verktøy i sakshandsaming for å ivareta kulturverdiar.

2.3 Klimaendringar og kulturarven – Moglegheiter og utfordringar

Klimaendringane aukar påkjenningane på vår kulturarv. Flaumen i mellom anna Flåmsvassdraget i 2014 synte kor sårbare eit samfunn som Aurland er, og kor mykje skade naturkreftene kan gjere. Som fylgje av flaumen vart Aurland kommune med i eit pilotprosjekt i regi av Riksantikvaren; «*Kulturminner og klimaendringar – pilotprosjekt i Aurland kommune*» (2015).

Rapporten peika mellom anna på korleis klimaendringar føre til smelting av brear og fonner som no synar store funn, mellom anna fangstanlegg og ferdselsruter.

Når gjenstandar smeltar fram, vil dei vere sårbare for det varmare klimaet, dersom dei ikkje blir samla inn og sikra.

Riksantikvaren er i sine rapportar tydelege på at kulturmiljø framover vil vere utsett for hyppigare ekstremhendingar, inkludert storm, snøskred, lausmasseskred, flaum hetebølger og tørke. Klimaendringane er og forventa å forlenge vekstsesongen og vil føre til at kulturlandskapet gror raskare igjen.

Kan me lære frå historia korleis me skal handtere desse utfordringane, spesielt med tanke på meir nedbør og flaumar? Naturbaserte løysingar er eit verktøy som Aurland kommune allereie brukar som del av tiltaka knytt til mellom anna restaurering av Flåmsvassdraget.

Skjøtsel av kulturlandskapet er eit viktig virkemedel for å sikre kulturminne; frå omsynssoner med klare retningslinjer, til reinsk av stikkrenner for å hindre vatn frå å nå viktige minne.

Høyringsutkast av 18.10.23

Auka nedbør føre til auka flaum og ras. Saman må me laga gode planar som knyt temaplanar som t.d. sti- og løypeplan og bustadpolitisk handlingsplan med kommunedelplanar og ikkje minst gode besøksforvaltningsplanar med strategiar. Like viktig som konkrete tiltak er sameint formidling av utfordringane knytt til kulturlandskap og kulturminne.

I ein kommune som Aurland, kor over 1 million kjem innom kvart år, er god kommunikasjon på tvers av forvaltning, næring og grunneigarar viktig for å sikre ein framleis god oppleving av kulturarven vår.

Krig, klimaendringar og ekstremvær gjer kulturlandskapet meir sårbart og då treng me eit breiare nedslagsfelt for å sikre at ikkje all produksjon samlast på eit sted. Til dømes vil beite og skjøtsel av kulturlandskap bidreg til å binde meir klimagassar og sikrar eit framleisstort artsmangfald. Lokalmat er kortreist og dermed klimavennleg, og formidlinga av seterkulturen bidreg både til ekstra arbeidsplassar og verdiskaping knytt til besøksnæringa. Sjå elles kapittel 3.1 om stølsminne og seterdrift.

2.4 Vestnorsk Fjordlandskap og Nærøyfjorden Verdsarvpark – UNESCO-område og regionalpark

Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden - UNESCO Verdsarvområde

Det er byggverk og naturområde i verda som har så stor verdi for oss menneske, at om dei går tapt så kan me ikkje erstatta dei. UNESCO er ein organisasjon som syt for at verdssamfunnet tek eit felles ansvar for desse stadene og områda, slik at dei kan opplevast og nytast av dei neste generasjonane.

Den 14. juli 2005 etter om lag 10 år med lokal involvering og forankring både administrativt og politisk, men ikkje minst på

grunneigarnivå vart Vestnorsk fjordlandskap med delområda Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet skrive inn på verdsarvlista. Dette skjedde i tett samarbeid med næring og frivillige lag og organisasjonar.

Områda vart skrive inn med grunnlag i to naturkriterium; nr. 7, på grunn av den framifrå vakre naturen, og nr. 8, fordi det synar viktige fasar i jordhistoria, med pågåande geologiske prosessar som formar landskapet og viktige geomorfologiske eller fysiografiske element. (*Naroyfjorden.no*)

I tillegg kan ein lese fylgjande frå innskrivinga:

«Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stolar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturelle dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.»

Regionalpark som verktøy

Ansvar for å sikre desse verdiane ligg på fleire nivå. Frå departement, direktorat, statsforvaltar og fylkeskommune, som via verneområdeforvaltarar og statens naturoppsyn forvaltar og fører tilsyn. Kommunane som er del av Nærøyfjordområdet er Voss, Vik, Lærdal og Aurland.

Knytt til Nærøyfjordområdet, blei det i 2008 etablert ein regionalpark som skulle vere ein pådrivar og støttespelar for ei natur- og kulturbasert samfunnsutvikling med forankring i verdsarvstatusen til området. Resultatet blei Nærøyfjorden Verdsarvpark. Etableringa sprang ut av eit ynskje om å mellom anna samordna kommunar og aktørar knytt til verdsarvområdet.

«Partnerane (i Nærøyfjorden Verdsarvpark) er innbyggjarar med engasjement for området dei bur og lever i; einssilde personar, verksemder, lag og organisasjonar. Gjennom partnerskapsavtalen er dei med i eit nettverk, der dei bidreg med initiativ og det dei er gode på. Slik får dei styrkt sine eigne satsingar samstundes som dei saman tek vare på og utviklar det unike i området»

-vestnorskfjordlandskap.no-

2.5 Frivillighet & eldsjeler – Dugnadsinnsatsen

Innbyggjarar og engasjement er òg vesentlege stikkord når det gjeld dugnadsinnsatsen knytt til kulturarven. Utan frivillighet og dei dyktige eldsjelene me har i Aurland, ville ikkje verdifulle kulturminne og kulturmiljø overlevd.

Riksantikvaren har laga ein frivillighetsstrategi for samarbeid med frivillig sektor, med tydelege mål og strategiar som seier korleis kulturmiljøforvaltinga kan styrke samarbeidet med dei frivillige organisasjonane og korleis organisasjonane skal vere og utvikle seg som viktige aktørar innanfor kulturarven.

Det er samstundes eit overordna politisk mål å auke deltakinga i frivillige organisasjonar og frivillig arbeid. Stortingsmeldinga om kulturmiljøpolitikken legg stor vekt på medverknad i alle prosessar som handlar om kulturmiljøarbeidet.

I Aurland har me fleire gode døme på kor godt dugnadsinnsatsen og frivilligheita fungere, noko som mellom anna resulterte i at «Venner av Aurlandsdalen» fekk Riksantikvarens kulturminnepris i 2022 for sin aktive og dedikerte dugnadsinnsats for å ta vare på ei viktig historisk

ferdselsåre. Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur vektlegg kor avgjerande krefter eldsjelene er for frivilligheita innanfor kultur. Dei synar til rapporten «Ildsjelers og lokalt utviklingsarbeid» som konkludere med at lokalsamfunnet sin utviklingskapasitet og kompetanse vert utvida og kraftig styrkt om eldsjeler på ulike område og i ulike sektorar vert rekna med.

Dei frivillige sitt på kunnskap og har eit engasjement og tilhøyrighet som både profesjonelle aktørar, offentlege og private kan knyte seg opp mot og bruke til å styrke både lokalt næringsliv og regional og nasjonal utvikling, og samstundes sikre den viktige kulturarven.

Kommunen skal i arbeidet med frivilligheita vere navet som grip saman dei ulike organisasjonane og syte for at me brukar kunnskapen og engasjementet på best mogleg måte. Utan frivilligheita miste kommunen viktige kulturminne. Det er ikkje kommunen som set måla for frivilligheita – det gjer frivilligheita sjølv. Brei deltaking er det overordna frivillighetspolitiske målet.

Kommunen sitt arbeid skal synast gjennom utarbeiding av ein frivillighetsmelding med eigne strategiar for samarbeid med frivilligheita.

Kapittel 3. Kulturarven i Aurland

I dette kapitlet vert den utvalde kulturarven i Aurland kommune presentert. Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som har eit spesielt potensiale som ressurs i samfunnsutviklinga vert omtal her.

For å skapa ein heilskapleg samanheng i historia om samspelet mellom natur og kultur, og menneska si utnytting av ressursane gjennom historia, vil vi i stor grad fokusera på dei utvalde **kulturmiljø** og **kulturlandskap**, der dei enkelte kulturminna inngår som bestandelar i ein større kulturhistorisk kontekst.

Det er i denne planen valt dømme på prioritere kulturminne for kvar sone, som er særst representativt for det spesifikke området. Ikkje alle tema vil vere like representativt for kvart delområde, i enkelte tilfelle vil utvalet derfor variera litt. Nye prioriteringar av kulturminne,- miljø og –landskap vil komme til etter kvart som tiltak er gjennomførde og planen vert rullert. Utvala er gjort på bakgrunn av innspel frå folkemøte og ressursgruppa.

Registrering og kommunalt vern

Kulturminneplanane frå 1990 har vore eit viktig verktøy i den kommunale arealplanlegginga. Mange av kulturminna og kulturmiljøa er seinare regulert til bevaring etter plan og bygningslova. For dei utvalde kulturminna, -miljøa og -landskapa som ikkje eit formelt vern i dag, vil eit viktig tiltak vera å sikra dei lokalt vern gjennom kommunen sin

arealdel. Registrering og kartlegging av kulturminna er helt avgjerande for å sikra at dei vert ivareteke i kommuneplanlegginga. I dag er registreringa av ulike kulturminne i Aurland mangelfull. Før eit slikt vern vert sett i verk, er det viktig å utføre ei nærare kartlegging som identifiserer kva verdiar det er verdt å verne om. Formidling, opplæring og utvikling av kulturarven vil ofte vere aktuelle tiltak. Formidling og kunnskapsutveksling kan til dømes vere retta mot publikum, eigarar eller forvaltninga.

Dei ulike kulturminna sin inndeling:

- A** *Immateriell kulturarv*
- B** *Kulturminne frå eldre tid*
- C** *Kyrkjer og kyrkjegardar*
- D** *Skular og utdanning*
- E** *Kulturminne frå landbruket*
- F** *Bygningar og bygningsmiljø*
- G** *Krigsminne*
- H** *Tekniske og industrielle kulturminne*
- I** *Samferdsle*
- J** *Reiseliv og friluftsliv*
- K** *Forsamlingshus*

Høringsutkast av 18.10.23



Figur 6. Geitehald har vore ei av dei viktigaste næringane i Aurland opp gjennom tidene. produksjon av geitemjolk til mellom anna geitost er framleis noko av det som kjenneteikn Aurland som stad. Foto: frå Vidme gard, fotograf ukjend.

3.1 Immateriell kulturarv

Levande tradisjon og tradisjonell kunnskap er viktig å ivareta, ikkje berre om korleis dei immaterielle kulturminna blei skapt og brukt, men og om menneska knytt til desse.

I 1993 vart det laga ein eigen plan for vern av ikkje-materielle kulturminne, ein del 2 til plan for materielle kulturminne frå 1990.

Det er viktig å formidla den immaterielle kulturarven, både gjennom skule og andre læringsarenaer, men òg til alle dei som besøker området.

Me har valt å lyfta frem nokre av tema knyt til immateriell kulturarv, som har kome fram i innspelsprosessen.

Utvalde område

| Nr | Område |
|----|--------------------------------|
| A1 | Musikk |
| A2 | Matkultur |
| A3 | Jakt og fikse |
| A4 | Husflid – Handverk – Klesdrakt |
| A5 | Fjorden - båtar |
| A6 | Stølsminne/seterdrift |
| A7 | Foto, lyd og video |
| A8 | Gjenstandar |

A1 Musikk

Musikk og song har vore ei viktig del av Aurland si historie, og mykje av dette er registrert i fylkesarkivet; mellom anna gjennom viser, springar, slåttestev, halling og vals.

Aurland Spelemannslaget har vore ein viktig bidragsytar i å ta vare på den lokale tradisjonsmusikken i området.

Aurland musikklag vart skipa i 1928, etter opptak av Aurland ungdomslag og hadde sin fyrste øvingsstad i ungdomshuset på Vangen - Trudvang. Flåm musikklag vart skipa i 1933 og er framleis eit aktivt lag og ein viktig kulturberar.

Aurland songlag, skipa allereie i 1909, fekk i 2021 Aurlandsprisen for sin innsats som kulturformidlar og gledespreiar gjennom 111 år. Deira fyste opptreden var i Vangen kyrkje 1. juledag.

Songlaga i Aurland har teke del i songarstemner og har sjølv stått som tilskipar av større stemner. Det same kan seiast om musikkлага; både korsong og korpsmusikk.

Aktuelle tiltak:
Samle all informasjon knytt til musikk og song hjå fylkesarkivet og det som er samla inn tidlegare av Aurland kommune. Formidlingsprosjekt.

A2 Matkultur

Det var eit ynskje allereie i 1993 (plan for vern av ikkje-materiell kulturminne) om å samle matoppskrifter og tradisjon kring dei ulike rettane. «*Kvit mylsa frå Aurland*» er ei rett som serverast både privat og til besøkjande den dag i dag. Aurland har òg lange tradisjonar for å foredla slakt til ferdig vare. Frå gammalt av slakta bøndene på kvar sin gard. Eldhuset og kjøkkenet var deira slakteri. Mykje av det som vart produsert, vart selt til bergenskanter. Slakting og foredling var eit sesongarbeid, og på det meste kunne det vera 40-50 mann som var sysselsette i slakteria. Gardane brukte alt på dyret, hud og skinn. Heimeindustrien avtok etter kvart som handverkarar som skomakarar, skreddarar og garvarar tok til. (Ohnstad 1990).



Figur 7. Bakstedeiene Dorthea brekke og Ragnhild Hauglum F. Brekke bakar flatbrød i eldhuset i Brekkehagen. foto: ukjend.

På dei beste åkrane vart det tidlegare dyrka korn (mest bygg). Kvar gard hadde sin kvern. Byggen vart malen opp og brukt til graut og flatbrød. På gardane var det bakedag to gonger for året. Bygg ble og brukt til ølbrygging. Det vart brygga til jul og påske, og elles til merkedagar og til dåp, bryllaup, gravøl osv. Sjølv om ein ikkje dyrkar korn i dag, er det likevel fleire som kan kunsten å baka flatbrød og brygge øl på tradisjonelt vis i Aurland.

«Stølen var meir enn halve garden» sa dei gamle. Stølsdrifta har lenge vore den beste innkomma både hjå bonden og husmann, og feitevara frå fjellet har alltid hatt godt ord på seg. Aurland sin velstand og solide økonomi kom i fleire hundreår frå stølar og fjellbeite. Geitosten, både den kvite, og endå meir den brune, vart den største salsvara, men og smør var ei viktig vare i Aurland, med fleire smørlag i kommunen. I 1930-åra hadde Aurland over 7000 geiter (Ohnstad 1990).

Det vert framleis drive aktiv stølsdrift knytt til produksjon av geitost fleire stader i Aurland. Mellom anna brun- og kvitost i Undredal, Skjerdal, Kårdalen og Sinjarheim i Aurlandsdalen, og gamalost på Sogn jord- og hagebruksskule. I tillegg har me saue- og geitepølser frå fleire stader i kommunen.

Den immaterielle matkulturarven er ei forteljing om korleis me har nytta våre lokale ressursar, òg korleis me forvalta våre naturressursar.

Aktuelle tiltak:

Sikre gamle og nye matoppskrifter gjennom eige prosjekt.

Jobbe for framleis aktiv stølsdrift i kommunen.

Sikre kunnskapsoverføring om produksjon og omsetnad av lokale landbruksprodukt i kommunen.

A3 Jakt og fiske

Det er lang tradisjon for både jakt og fiske i Aurland, noko tidlegare spor etter mellom anna fangstanlegg og bogestillingar i fjellet synar (sjå. Kap. 3.2).

Berre innanfor Aurland statsallmenning har me kring 450 km² høgfellsterreng og ca. 150 fiskevatn tilgjengeleg for innbyggjarar i dag. Utsetting av fisk i høgfellsvatn byrja sporadisk allereie på 1920-talet. Det var fyrst i 1973 at ein starta årleg systematisk fiskeutsetjing (Forvaltningsplan for Aurland statsallmenning, 2020).

Fiske etter laks og aure har òg ein lang tradisjon i Aurland. Aurlandselvi har sidan tidleg 1900-talet vore kjend for sitt fantastiske sjøaurefiske. Men laksefiske begynte lenge før det, med lakselordar som kom frå england for å fiske, kvar sommar. Dei kom opphaveleg for å driva reinsjakt, for vel 150 år sidan, men oppdaga så lakse- og aurefiske. (Ohnstad, Aurland bygdebok, III). Etter andre verdskrig tok nordmenn og svenskar meir og meir over sportsfiske

Ikkje alle var elveeigarar, men fiske i fjorden var fritt for alle. Både bønder, husmenn og strandsitjarar nytta seg av dette.

Då fangstmenn (veidemann) tok til i området, 3000-1500 f. kr, var det byrjinga på kultiveringa av Aurland og fjella rundt. Frå fjøra til fjells finst mange namn som vitnar om dyr og veiding. Og når Aurlendingane snakkar om «dyri» meine dei reinsdyr (hjortedyr). Dyr dal og Drege vitnar om gamal veiding og har vore ein del av dei store fangstområde i fjella. Andre viktige spor som vitnar om veiding er til dømes framom Hoasete og Frondalen, Husdalen, kor ein finn spor etter tufter. Tuftene ligg

på 1000 moh. og kan ikkje vere spor etter gardsdrift, men ein buplass i samband med veiding.

Aurlendingar har vore aktive villreinjegarar også på andre hjortedyr då dei etter kvart har dukka opp.

Den 15 mars 2016. er eit klart skilje i villreinhistoria til mellom anna Aurland kommune, då det gjerast funn av CWD på villrein i Nordfjella. Ikkje lenge etter blir det vedteke å sanere heile villreinstamma i sone 1, samstundes som det vart vedteke å arbeide med ein reetableringsplan for tilbakeføring av villrein.

Saneringa tok til i 2017 og i 2018 var ca. 2000 villrein fjerna. Plan for reetablering har framleis ikkje starta i 2023, og det vil teke lang tid før sonen er tilbake til der dei var før.

Det finst framleis villrein i raudefjella, som har tatt opp att bruken av området dei siste 10-15 åra, etter å ha vore meir eller mindre fråverande i fleire tiår. (Villrein.no). Målet for villreinstammen her er ca. 200 dyr.

Aktuelle tiltak:

Aurland kommune skal vere aktiv i arbeide med reetablering av villreinstammen i Nordfjella, og samtidig medverke til formidling og ivaretakinga av viktig kunnskap om jakt og fiske.



*Figur 9. Bilete er tatt under strukturteljninga av rein i sone 1 i oktober 2016, siste året før utskytinga av reinen i Nordfjella sone 1.
Bilete: Harald Skjerdal*

A4 Husflid – handverk – klesdrakt

I Kyrkjestova i Flåm ligg ei riddarkappe som vart funnen i kyrkja. Det teppet tok designar hos Oleanna utgangspunkt i då ho designa Sivlejakka. Dei kopierte sølvknappane som er i Sivlesamlinga.

Aurland sogelag har tekstilar i samlinga.

A4 Aurlandskoen – Skoproduksjon

Det har vore mykje handverksproduksjon i Aurland opp gjennom tidene; bygningshandverkarar, skomakarar, smedar, skreddarar, samt båt- og tobaksproduksjon og slakteriverksemd. Av desse er det utan tvil skoproduksjonen som har gjort Aurland mest kjend. I 1950 var 80 personar i 16 ulike verksemdar sysselsette i skoproduksjonen. Berre Nils Tveranger sin bedrift produserte ca. 25 000 par kvart år, på 1950-60-talet. På det meste var det 19 skofabrikkar og 100 sysselsette knytt til skoproduksjon.

Sidan 1989 har Aurland Skofabrikk vore den einaste produsenten av Aurlandsko. Fabrikken ligg på Aurlandsvangen mot fjorden, med eige utsal, samt eit utsal i Flåm. Skofabrikken produserer i dag fleire andre produkt. I tillegg til den eksisterande aktive skofabrikken nede ved kaia, finst det eitt gjenværande autentisk fabrikk-lokale på Aurlandsvangen. Aurland skofabrikk er òg économusée, ein levande handverksbedrift kor besøkjande får med seg produksjonen.

Aktuelle tiltak:

Aurland skofabrikk ber på ein viktig kulturarv.

Det er viktig at den aktive fabrikk og det gjenværande autentiske fabrikk-lokalet på vangen framleis har ei sterk forankring på Aurlandsvangen.



Figur 10. Bilete syner Åsmund Breisnes i arbeid med aurlandskoen. Skoen som den dag i dag blir sydd for hand nede ved kaia på Aurlandsvangen. Foto: ukjend.

A5 Fjorden og båtane

Med Gudvangen som ein av dei eldste marknadsplassane i Noreg, har det vore båt-aktivitet i desse fjordane i lang tid.

Fram til 1859 hadde folk i Nærøydalen og Nærøyfjorden mellom anna kyrkja si i Undredal, og einaste vegen dit var sjøvegen. Prestanaustet i Skinnarvikji på Aurlandsvengen var knytt til prestegarden Aurdal, og kan vere så gamalt som frå 1100-talet. Presten brukte båten både til Undredal og Flåm.

Kykjebåten, ein seksæring, frakta folk til kyrkja, imens doktorbåten, ein åtring med 2 rorskarer frakta doktoren mellom Aurland og Lærdal. Dei kunne i tillegg frakte jordmora og presten.

For driftekarane var og båtane viktige transportmiddel, fram til dampbåten og jernbana tok over frå ca 1900.

Føringsbåten – ein større båt, frakta alle slags dyr, særleg hest og ku. Båten hadde ofte råsegl, og dei største kunne laste 30-40 dyr i gongen.

Båten var òg eit gardsreiskap. Og færingen, den vanlegaste av sognabåtane, frakta både dyr, mjølk, fôr, varer og menneske over fjorden. Som namnet tilseier, hadde den fire årer, men kunne og riggast med råsegl.

I 1858 byrja Fylkesbaatane med rutefart. I byrjinga rodde folk ut til båtane for å hente varer og reisande, men i 1880-åra vart det bygd kai både på Aurlandsvengen, Fretheim, Gudvangen og i Undredal.



Figur 11. Døme på sognabåten færingen. foto: Cecilie Bugge

Ivaretaking av historia og handverket til desse båtane er viktig, og Indre Sogn Kystlag (ISK), eit frivillig lokallag under forbundet KYSTEN har til føremål å gjere nettopp dette.

I Nærøyfjorden har Kystled Nærøyfjord i dag utleige av sognefæringar på Bakka, Dyrdal og i Aurland, to av dei vart bygde som del av eit kurs, i Aurland.

A6 Stølsminne/seterdrift

Seterdrift har ein sterk tradisjon i Aurland og har vore eit viktig bidrag i å forme det kulturlandskapet me har i dag. Mangfaldet i seterdrifta omfattar praktiske ferdigheiter knytt til natur og dyr, mjølkeproduksjon og -foredling, tradisjonelt handverk, forskjellige rituala og skikkar, lokking, musikk og dans – den viktige immaterielle kulturarven. Norsk landbruk er ikkje lengre avhengig av seterdrift og utmarksressursane for å ha ein høveleg drift på garden, slik det var før. Seterdrift er mykje arbeid, og fleire og fleire vel bort det som kan kallas det langsame landbruket. Under 800 aktive enkeltsetre finst att i Noreg i dag, mot 50.000 bruk som drev seterdrift på 1850-talet.

I Aurland finst det framleis aktiv seterdrift, mellom anna i Undredal kor 3 av dei 4 resterande geitegardane i bygda har gått saman om ei fellesseter som ligg på Langhuso langs vegen mot E-16. Undredal Stølsysteri held til i eit landskap med stort biologisk mangfald og artsrike slåttemarker. Fleire andre bønder driv og med seterdrift, både med geiter og kyr. Skjerdal stølsysteri formidlar den fleire hundre år lange tradisjonen gjennom eigen Kafè og eigne budeier kvar sommar. Andre aktørar innanfor turistnæringa nyttar seg av det autentiske støslivet og tek med seg besøkjande opp for å høyre om korleis livet på garden og stølen var før, men òg korleis ein kan drive ein seter i dagens landbruksdrift. Historieforteljinga er ein viktig identitetsberar og gjev dei besøkjande ein visuell smak av korleis livet har vore, men og korleis me framleis har det, i Aurland. Dei får og ein smak av sjølve produkta seterdrifta dannar grunnlaget for, nemleg osten.

Ystinga er eit tradisjonshandverk som besøkande òg kan finne langs den populære turen i Aurlandsdalen, kor elevar frå Sogn

Jord- og hagebruksskule kvar sommar tek med seg geiter og kløvhestar opp den smale stien til Sinjarheim. Her mjølkar dei geitene for hand og ystar og rører geitost i koparkjele -slik det vart gjort før i tida på garden, som var den siste fråflytta garden i Aurlandsdalen i 1922. Stølsdrifta held fram til 1964. Sidan 1992 har elevar ved jordbruksskulen nytta garden som læringsarena og formidlingspunkt knytt til sin to-års skulegang.

Tero gard er eit anna døme på korleis ein nyttar det bratte terrenget på vestlandet til å drive med fjellbeite. Garden driv i dag med kyr av rasen Dexter, som går i utmarka frå mai til september/oktober.

Aurland kommune har samle inn forteljingar om stølsminne og stølsdrift, både skrifteleg, men og munnlege opptak. Det er viktig at desse blir arbeidd vidare med og gjort tilgjengeleg for dei lokale og formidla på ein god måte til dei besøkjande.

I tillegg til den immaterielle kulturarven kjem ein rekkje materielle verdiar knytt til seterdrifta som er ein viktig del av den heilskaplege samfunnsutviklinga i kommunen; Seterkulturen bidreg til ei betre utnytting av eksisterande ressursar kor utmarksbeite som ikkje kan nyttast til t.d. dyrking av menneskemat vert nytta av beitedyra. Og når sjølvforsyningsgraden i Noreg er på under 50% må me ta i bruk meir av det arealet som er tilgjengeleg.

Norsk seterkultur er av regjeringa i Noreg og Sverige nominert til UNESCOs liste over immateriell kulturarv.

Aktuelle tiltak:

Lage oversikt over stølar og stølsvegar

A7 Foto, lyd og video

Aurland kommune har gjennom fleire år jobba med å samla inn bilete knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Nokre av det er tilgjengeleg gjennom eit digitalt bibliotek, med bilete som syner historia til Aurland. Bileta har vore samla inn av einsskilte personar og frivillige lag og organisasjonar. I fylkesarkivet finst òg bilete, samt ein del lydopptak om til dømes stadnamn-oppleing og intervju. Det finst òg nokre videoklipp.

Aktuelle tiltak:

Arbeide med å få ein betre oversikt over historiske bilete og sikre at bileta blir tilgjengelege for innbyggjarane og vert formidla til dei besøkjande på ein god måte.

A8 Gjenstandar

I Aurland kommune finst det fleire samlingar av gjenstandar som fortel viktige historier. -Lensmannsstova på Onstad, som tidlegare var eit bygdemuseum, Otternes bygdetun og fleire private museum.

Aktuelle tiltak:

Få ein oversikt over samlingane og lage ein strategi for korleis verdiane skal formidlast



Figur 12. Stølen ved Viddalen, ca 860 moh. Under kraftutbygginga vart denne stølen lagt under 70 meter vatn – No kalla Viddalsdammen. Foto: ukjent, Aurland kommune.

3.2 Kulturminne frå eldre tid

Aurland har mange spor i landskapet etter tidlegare busetnad og aktivitetar; gravrøyser, kyrkjetufter, gropasteinar og steinargardar, husttufter, gravminne, kolgroper og dyregraver og fangstanlegg.

Me har basert utvalet av eldre tids kulturminne på desse kriteria:

- Formidlingspotensialet
- Tematisk spreing
- Geografisk spreing.

Utvalde kulturminne

| Nr. | Kulturminne | Område |
|-----|---|-------------|
| B1 | Villreinen – fangstanlegg osv. | Alle |
| B2 | Gravhaugene på Onstad (sult) og på SJH, prestegården) | Delområde 3 |
| B3 | Funn Vangen kyrkje | Delområde 3 |
| B4 | Tufter - Gudmedalen | Delområde 4 |
| B5 | Gravrøyser Fronnes | Delområde 3 |
| B6 | Gravhauger Holmo, Nærøyfjorden | Delområde 1 |
| B7 | Hellekiste på Hemre | Delområde 1 |
| B8 | Gravhaug Skjerping | Delområde 1 |

B1 Villreinen – fangstanlegg

Aurlandsfjella er eit viktig kjerneområde for førhistorisk jakt på reinsdyr. Anlegga er vanskelege å datere, men fangsten i området går truleg tilbake til eldre jernalder (500 år f.kr til 550 år e.kr).

Fangstanlegga gjekk ut av bruk ved innføringa av skytevåpen på 1300-talet. (Vestlandfylke.no).

Viktige spor etter dyregraver med ledegjerder, og skytestillingar for boge, såkalla bogestelle kan ein finna på askeladden.no.

Dei store jaktområda ved Vargebotn, Berdalen og klovafjellet. Mellom Berdalen/Berdalsbotn og Rausmedalen ligg eit stort fangstanlegg. Det omfattar minst tre varderekkjer, 30 - 50 bogastiller, to dyregraver med leiegejrdesystem og fem til seks sirkelforma steinsetjingar som er tolka som fastringar. Anlegget er ikkje fullstendig registrert , og det kan hende at det er enda større. Alderen på anlegget er uviss, men truleg har anlegget hatt lang levetid og kanskje fleire byggjefasar. Det er funne ein jernspiss i området som er datert til tidleg mellomalder. Fangstanlegget er svært stort og lett tilgjengeleg .

Ovanfor Drægo i Dyrdal, både på Langafjellet og Handadalseggi, mellom Styvisdalen og Langafjellet, ligg det store fangstsystem samansett av leiegejrdar, dyregraver, bogastille, skremmesteinar, stup og kløfter. Systemet er bygd opp med tanke på fangst av rein og fungerte slik at dyra, ved hjelp av skremmesteinane og leiegejrdene, vart skremde mot dyregravene og stupa. Når dyra fall utfor eit stup eller ned i ei grav, var det ei enkel oppgåve å hente fangsten for jegerane. Frå dyregravene og stupa i Handadalen eller Tundalen vart dyra frakta ned til Dyrdal via Drægo og Drægali. Alle gardsnamna er

Høyringsutkast av 18.10.23

klare vitne om nettopp draging av dyr. Fangstanlegga vitnar om organisert jakt langt tilbake i tid, kan hende i jernalderen (500 f.Kr. – 1000 e.Kr). (Naroyfjorden.no)

Aktuelle tiltak:

Mange fangstanlegg og dyregraver ligger nære DNT-merka stiar og andre stiar i høgjellet, og ein bør få opp god informasjon om anlegga – del av arbeid med besøksforvaltningsplan/strategi. Få ei fullstendig registrering av alle anlegga i fjella.

B2 Gravhaugane på Onstad og på Sogn Jord- og hagebruksskule

Kring tunet på Sogn Jord- og hagebruksskule finst fleire større og mindre gravhaugar. Den største på tunet har eit tverrmål på 36 meter og ei høgde på over 6 meter, og er største attverande gravhaug i indre Sogn. Fleire mindre gravhaugar har vorte utgravd og fjerna opp gjennom tidene for å gje plass til betre arrondering av dyrkingsareala på garden.

Fleire av gravhaugane på Onstad er blitt fjerna i løpet av dei seinare åra. Ein av gravhaugane som ligg att, er den såkalla "Tinghaugen". Haugen ligg ved gardsvegen rett andsynes "Lensmannsstova". Haugen måler 22 meter i tverrmål og er tre meter høg, d.v.s. ein nokså scor haug. Den er dekt av tjukk grastorv, og langs haugkanten går ei kjede av stein som nå er dekt av jord. Namnet tyder på at haugen kan ha vore nytta som tinghaug. Flata vest for haugen heiter "Leikarvollen".

Aktuelle tiltak:

Kommunen bør vere pådrivar for å sikre gravhaugane, med t.d. utarbeiding av skjøtselsplanar.

B3 Funn Vangen kyrkje

Det er gjort fleire funn knytt til Vangen kyrkje dei siste åra. I samband med dreneringsarbeid rundt Vangen kyrkje i 2022, vart det gjort ein som vart datert til seinmellomalder (ca. 1437-1522 AD) og funnplassen vart automatisk freda. Etter fleire nye gravearbeid langs heile sørsida av kyrka vart det funne fleire større heller. Dette er vurdert til å kunne vere gravheller frå mellomalderen eller heller for å føre dråpefall vekk frå kyrkja. I sjakta langs koret vart det påvist 6 graver.

Det mest interessante funnet vart gjort ved det nord-austlege hjørna på kyrkja. Der var det bl.a. spor etter kokegrop, og det vart gjort funn av bein og ei tann. Dette funnet vart datert til eldre romartid (år 120-248), medan dei andre funna var frå etterreformatorisk tid.

B4 Tufter - Gudmedalen

I Gudmedalen i Flåmsdalen er det registrert 14 tufter. Tuftane ligg i dag på garden Indreli. Tuftane ligg i to parallelle rekker på tvers av terrenget. Alle tuftane er bygd på same måten. Den eldste og største av tuftane er datert til eldre jernalder (*Verdiar i Flåmsvassdraget, Aurland kommune i Sogn og Fjordane, 2001*).

Det er òg registrert to hellekister på garden, og funn av eit sverd frå yngre jernalder. BK -Bergens Kalveskinn (Bjørgvin Kalveskinn) er den eldste skriftlege kjelda som omtalar Indreli (BK 47b). Leiglendingane på Indreli betalte då jordleige til presten ved Flæte kyrkje i Arnafjorden. (*Støl og gard i jernalderen på Vestlandet, Marit Skrede og Tor Anne Valvik*).



Figur 13. Rester frå ei tufte i Gudmedalen. Foto: K. Stene

B5 Gravrøyser Fronnes

Gravrøyssamlinga på Fronnes er den største i Aurland kommune. Langs terrassekanten sør for elva ligg som i alt 9 registrerte gravrøyser. Røysenes plassering og fasong tyder på at dei er frå bronsealderen (1500 – 500 f.kr.). På slåttemarka ovanfor stranda på Ytste Fronnes ligg ytterlegare ei gravrøys. Her er og ei tuft, begge kulturminna er oppførte med datert til jernalder i Askeladden. (*Fronnes i Aurlandsfjorden, 2006 – Aurland Naturverkstad BA*).

Aktuelle tiltak:

Skjøtting og tilrettelegging for å sikre og formidle historia som knytt Garden Åtnes med Fronnes.

B6 Gravhauger Holmo, Nærøyfjorden

På Holmo om lag 3 km sør for Styvi ligger ein gravrøys frå bronsealder. Dette indikere at det var fast busetnad på sørsida av fjorden allereie i bronsealder. (Ohnstad, 2006). Strekninga Styvi-Holmo vart etablert som eige landskapsvernområde allereie i 1991, men er no ein del av Nærøyfjorden landskapsvernområde.

(*Forvaltningsplan – Nærøyfjordområdet, 2008*).


B7 Hellekiste på Hemri

Hellekista ligg på ei slette ved elva om lag 40 meter frå den einaste attståande bygningen på bruket. Veggene i kista er mura, og dekte av ei helle på litt over 1 x 1 meter. Tradisjonen fortel at det korn sjukdom på folk som prøvde å grave i kista. Funn er ikkje kjent.

B8 Gravhaug Skjerping

Røysa ligg på "Bruabrekko", midt mellom dei to bruka, og er åtte til ti meter i tverrmål og halvannen meter høg. Røysa er bygd av kanta, grov stein, og har eit stort krater i midten. Eine halvdel er nokså øydelagt. Eit funn er kjent frå røysa; ein sabel som i dag skal finnast på Stalheim turisthotell.

Kart eldre tids kulturminne



3.3 Kyrkjer og kyrkjegardar

Med innføringa av kristendommen forsvann den heidenske gravskikken med det rike og varierte gjenstandsmaterialet. I staden fekk ein fleire skriftelege dokument.

Kyrkjene har spelt ein viktig rolle, både i kommunikasjonane mellom bygdene, men òg bidrege til å drive fram viktige materielle og immaterielle kulturminne me sit igjen med i dag, til dømes kyrkjebåtane og Prestanaustet.

Alle kyrkjene blir jamleg renover, og Flåm kyrkje blei mellombels løfta i 2013, og ein kunne sjå spor etter noko som kan vere ein gamal stavkyrkje. Etter flaumen i 2014 vart kyrkje jekka opp ca. 35 cm. I samband med dreneringsarbeid rundt Vangen kyrkje i 2022, vart det gjort ein del funn. Ved oppstart av graving ved sideporten vart det gjort funn som vart datert til seinmellomalder (ca. 1437-1522 AD) og funnplassen vart automatisk freda. Det blei òg melom anna funne spor etter kokegrop, datert til eldre romartid (år 120-248).

I dag blir mellom anna Undredal stavkyrkje og Vangen kyrkje brukt mykje til konsertar, i tillegg til dei kyrkjelege oppgåvene, og alle kyrkjene er populære kulturminne å vitja, blant dei besøkjande til kommunen.

Utvalde kulturminne

| Nr | Kulturminne | Område |
|----|------------------------------|-------------|
| C1 | Fjellkyrkjegarden i Aurdalen | Delområde 3 |
| C2 | Vangen kyrkje | Delområde 3 |
| C3 | Rygg kyrkjestad, | Delområde 3 |
| C4 | Undredal stavkyrkje | Delområde 2 |
| C5 | Flåm kyrkje | Delområde 4 |
| C6 | Bakka kyrkje | Delområde 1 |

C1 Fjellkyrkjegarden i Aurdalen

Fjellgarden Østerbø i Aurdalen fekk eigen kyrkjegard i 1858. Han var i bruk til 1911, då den siste vart gravlagd der. Men alt tidlegare gravla dei folk der oppe.

Til vanleg gravla dei utan prest til stades, og sette ein staur ned på kisteloket. Når presten kom for å jordfesta, drog dei opp stauren slik at presten kunne dryssa jord ned på kista. På kyrkjegarden i Aurdalen vart det gravlagt folk både frå Aurland og Hol. (Ingvar Vikesland, fylkesarkivet).

Kyrkjegarden er i dag underlagt særleg vern etter lov om kyrkjer og kyrkjegardar. Aurland kommune har frå 1953 teke på seg ansvaret med å vedlikehalde kyrkjegarden.

C2 Vangen Kyrkje

Vangen kyrkje er ei langkyrkje i stein som står på Aurlandsvangen. Kyrkja, som er i tidleg gotisk stil, er truleg bygd i to omgangar på 1200-talet. Kyrkja vart restaurert både i 1861-1862 og i 1926. Vangen kyrkje er soknekyrkje for Vangen sokn og hovudkyrkje i Aurland prestegjeld. Kyrkjestaden er på den flate elvesletta der bygdesenteret Aurlandsvangen ligg. Den eldste historia til Vangskyrkja er uklår, og ho er ikkje nemnd i skriftelege kjelder før i 1498. Kyrkja er ikkje nemnd i Bjørgvin Kalvskinn frå 1300-talet. I Aurland var det då stavkyrkja på Rygg som var soknekyrkje. (Fylkesarkivet.no). nyare funn er gjort i samband med drenering av kyrkja i 2022, sjå punkt 3.2/B2. Vangen kyrkjegard fekk endra status til middelalderskyrkjegard, men i og med at heile kyrkjegarden har vore i jamn bruk, so vil ikkje statusen føre til restriksjonar på bruk til graver.



Figur 14. Bilete av Vangen kyrkje og Aurlandsvangen, tatt frå Ryggjatun i 2011. Foto: Svein Olav Haukedal

C3 Rygg Kyrkjestad

Aurlandsvangen har ein gammal kyrkjestad oppe på Rygg. Kyrkjetufta og kyrkjegarden er framleis godt synleg. Olsokdagen 1956 vart det reist ein bautastein til minne om Ryggjakyrkja, ei kyrkje som stod der fram til ut på 1500-talet. Steinen har elles si eiga soge. Kyrkja på Rygg var truleg ei stavkyrkje. Ho er nemnd første gong i 1322 og seinare i Bjørgvin Kalvskinn (namnet på ei kyrkjeregistrering) i 1360. Kyrkja var ei såkalla fjerdingkyrkje i Sogn under hovudkyrkja på Stedje i Sogndal. Etter kongebod vart kyrkja nedlagd i 1544, men var etter alt å døma i bruk til 1574 då vedtak om nedlegging vart gjort på ny. Kyrkjegarden var likevel i bruk til 1806. (Hermund Kleppa, Fylkesarkivet).

I år 2000 vart kyrkjetufta på Rygg valt til Aurland kommune sin Tusenårsstad, på grunn av den sentrale rolla kyrkja hadde hatt i Aurland sin natur- og kulturhistorie. Automatisk freda arkeologisk kulturminne.

C4 Undredal stavkyrkje

I Aurland står det att to kyrkjer som er bygd før reformasjonen. Den eldste er truleg Undredal kyrkje. Dette er ei stavkyrkje som er bygd om, og er den minste i Skandinavia som framleis er i bruk. Kyrkja er nemnt i skriftlege kjelder frå første delen av 1300-talet, men kan vere bygd rundt midten eller siste halvdel av 1100-talet.

C5 Flåm kyrkje

Lenge trudde ein at dagens kyrkje blei bygd i 1667, men nyare forskning syner at den ikkje ble reist før i 1670. Byggmeisteren, Magne Essen, gjekk med på ein avtale med stiftsskrivaren om å rive den gamle stavkyrkja og bygge en ny kyrkje på Flåm. Essen

bygde ny kyrkje, men han bygde den på Fretheim ved fjorden i staden for Flåm. Denne kyrkja stod ferdig i 1668, men den blåste ned allereie i 1669. Essen fekk da beskjed om å bygge opp kyrkja på ny og på riktig plass. Kyrkja stod ferdig på Flåm i 1670 og den gamle stavkyrkja blei reven same år. (Djupedal, Torkjell m.f, 2018).


C6 Bakka kyrkje

Folk på Bakka og Nærøy sokna til kyrkja i Undredal frå mellomalderen av, og hadde såleis ein lang og farleg veg til kyrkja. Ei ny lov som regulerte storleiken på kyrkjene på midten av 1850-talet, resulterte i at det vart bygd ei ny kyrkje på Bakka. Kyrkja vart vigsla i 1859. Den kvitmåla, tømra bygningen er i dag eit av dei mest fotograferte motiva i Nærøyfjorden.



Figur 15. Bakka kyrkje med Nærøyfjorden i bakgrunnen. Bilete er teke før 1955. Foto: Ukjend.

Kart kyrkjer og kyrkjegardar



3.4 Skular og utdanning

I siste halvdel av 1800-talet vart det bygd fleire skular rundt om i kommunen. Tidlegare var skulegangen basert på omgangsskule i heimane, men med skulelova i 1860 vart det påbode å dele kommunane inn i skulekrinsar med eit skulebygg i kvar krins. Den fyrste skulen etter den nye lova vart bygd i Flåm i 1862. Seinare fekk Undredal, Dalen, Vangen, Berekvam, Dyrdal, Bakka, Skjerping, Vassbygda og Myrdal egne skulehus. Desse skulehusa har ein nokså lik arkitektur, med skulestove i den eine enden og rom til læraren i den andre. Skulehistoria er meir enn berre bygga i Aurland, men og som skulesamfunn, med framhaldskule, realskule og gymnas.

Tilråding:

Få ein oversikt over alle skulebygga – historia rundt og tilstand/bruk i dag.

Utvalde kulturminne

| Nr. | Kulturminne/miljø | Område |
|-----|--------------------------|-------------|
| D1 | Vangen skule | Delområde 3 |
| D2 | Gamle Vangen skule | Delområde 3 |
| D3 | Sogn jord- hagebrukskule | Delområde 3 |
| D4 | Vassbygdi skule | Delområde 3 |
| D5 | Undredal skule | Delområde 2 |
| D6 | Flåm skule | Delområde 4 |
| D7 | Berekvam skule | Delområde 4 |
| D8 | Myrdal skule | Delområde 4 |
| D9 | Skjerping skule | Delområde 1 |
| D10 | Skulehuset på Bakka | Delområde 1 |
| D11 | Dyrdal skule | Delområde 1 |

D1 Vangen skule

Bygd i 1933. teikna av arkitekt Erling Tryti i eit nyklassisistisk stilpreg. Bygget erstatta da gamle Vangen skule. Blei fram til 2021 brukt som barnehage. Bygget er verna gjennom spesialområde vern i eksisterande reguleringsplan (1997).

D2 Gamle Vangen skule

Bygd i 1879, og ber preg av empirien. Bygget er delt inn i to skulestover med gang i midten. Skulen ble etter kvart for liten, og har gjennom åra dekkja fleire behov. Bygget er verna gjennom spesialområde vern i eksisterande reguleringsplan (1997).



D3 Sogn- jord og hagebruksskule

Skulen blei etablert i 1917, grunnlagt av Jens Lunde på Lundegarden i Aurland, og var allereie da open for både gutar og jenter. Aurland kommune kjøpte prestegarden skulen var knytt til, og gav han til fylket på 40-talet. Av viktige bygg knytt til tunet på SJH har me Borstova, som fungere som ei fellesstove for elevane, og det gamle kommunehuset som stod på Aurlandsvangen, som på slutten av 70-talet vart flytt og plassert attmed undervisningsbygget.

D4 Vassbygdi skule

Gamleskulen i Vassbygdi frå 1866 vart overteke av grendelaget og er framleis intakt. Bygget er det eldste av skulebygga, som framleis står i dag. Den nye skulen, frå 1953, vart selt til private og er no bustad.

D5 Undredal skule

Fekk skule i 1871. Nytt skulebygg i 1921, med nybygg i 1998. Skulen vart nedlagd i xxxx. Skulebygget blir i dag brukt til utleige, næring og møtelokale.

D6 Flåm skule

Fekk skule i 1862, med nytt bygg i 1914, med tilbygg i 1998. Flåm skule er framleis aktiv. Det gamle skulebygget blei frådelt frå eigeiendomen i 1916 og blei brukt av Flåm husmorlag. Kommunen overtok eigeiendomen i 1977 og solgte bygget i 2018. I dag står bygget att med Haugen bru, og blir bygd opp som næring med toalettanlegg i kjellaren. Bygget er i privat eige.

D7 Berekvam skule

Fekk skule i 1899. Bygd som eit behov knytt til utbygginga av jernbana. Skulen er i dag i Flåmsdalen grendelag sitt eige.



Figur 16. Bilete syner Sogn Jord- og Hagebruksskule frå lufta. Foto: Vestland fylkeskommune

Høyringsutkast av 18.10.23

D8 Myrdal skule

Truleg det høgstliggjande skulehuset i fylket (876 moh), då det vart bygd i 1921. Myrdal var i sin tid ei grend med over 100 innbyggjarar, og gjekk frå støl til stasjon da Flåmsbana vart teken i bruk. Skulen vart lagt ned i 1982, og borna måtte då fylgje bana ned til Flåm skule. Myrdal skule var eit av dei fyrste på Vestlandet som fekk eit lite symjebasseng.

D9 Skjerping skule

Fekk skule i 1882. nytt skulebygg i 1973.


D10 Skulehuset på Bakka

Fekk skule i 1908. Er i dag eigd av kommunen.

D11 Dyrdal skule

Fekk skule i 1921. Er i dag eigd av kommunen.

Kart skular og utdanning



3.5 Kulturminne frå landbruket

Kulturlandskapet, rester og spor etter busetjing, husdyrhald og jordbruksdrift, vert forma gjennom mange generasjonar og er eit felles kulturelt gode. Her finn me spor etter levd liv, og historier om kvardag og slit. Slåtteteigar, beitelandskap og stølsområde er ein viktig del av dette landskapet.

Utvalde område

| Nr. | Kulturlandskap | Område |
|-----|---------------------------|-------------|
| E1 | Aurlandsdalen | Delområde 3 |
| E2 | Flåmsdalen | Delområde 4 |
| E3 | Undredal | Delområde 2 |
| E4 | Nærøydalen - Nærøyfjorden | Delområde 1 |
| E5 | Styvi | Delområde 1 |
| E6 | Stokko | Delområde 2 |
| E7 | Bakka | Delområde 1 |
| E8 | Høgdegardane | Alle |
| E9 | Steingardar | Alle |
| E10 | Vatningsveiter | Alle |

E1 Aurlandsdalen

Aurlandsdalen er om lag 40 km lang og strekkjer seg frå Vassbygdi til Geiteryggen. Naturlandskapet er typisk vestnorsk med bratte dalar, fossar og elvar, med rik og variert vegetasjon.

Aurlandsdalen har lange tradisjonar både med jordbruk og fast busetjing, og mange av gardane var rydda alt før Svartedauden. Fram til midten av 1800- talet var 8 gardar i drift; Almen, Sinjarheim, Teigen, Berekvam, Skorsgarden, Buflåten, to bruk på Nesbø og opp til fire bruk på Østerbø. Fleire av gardane er seinare blitt nytta som stølar, og på t.d. Sinjarheim, Almen, Teigen og Nesbø er det framleis bygningar i relativt bra stand. Gardsdrifta har vore knytt til dei rike fjellområda i aust både som beiteområde for husdyr, og til fiske og fangst.

Vegen var viktig for å knyta saman stølane og gardane. Etter kvart vart også husdyr drive opp Aurlandsdalen til saftige beiteområde på fjellet. Om hausten vart dyra drive ned til Austlandet der dei vart selde. Fleire område oppover Aurlandsdalen var brukte som kvileplassar, gjerne kalla ”Frivoll”. Det tok om lag 14 dagar å driva bufe frå fjellet til Drammen. Seinare var vegen viktig for kløvjing av forsyningar til stølane og overnattingsstadene på Østerbø og i Stemmerdalen. Det kom bilveg 1974.

(Historiske vandreruter – Aurlandsdalen).

Særleg var jakta på villrein eit viktig næringsgrunnlag og det er fleire stader registrert fangstanlegg, holer og hellerar frå før-reformatorisk tid.

Stølar og stølsdrift var viktige delar av drifta til fjellgardane, og stølshus, stølsvegar, høyløer og løypestrengs-feste fortel framleis om den gamle utmarksdrifta.

Høyringsutkast av 18.10.23

Ein mykje nytta turiststig gjennom dalføret følgjer ein gammal ferdselsveg mellom aust og vest. Aurlandsvassdraget var bygd ut i 1970-å.ra, men utbygginga har sett relativt få spor etter seg i landskapet.

I dag har strekninga gjennom Aurlandsdalen med det verdifulle kulturlandskapet status som historisk vandrerute. Aurlandsdalen er ei av de største og mest verdifulle turistattraksjonane i Aurland.

Dalen har eit stort potensiale for produktutvikling og næring.

Fjellgardane Østerbø, Viki og Nesbø i Aurlandsdalen fekk eigen kyrkjegard i 1858, men nye undersøkingar frå lokalhistorikar Svein Indrelid viser at kyrkjegarden var teken i bruk allereie frå 1846. Den siste vart gravlagd i 1911.

E2 Flåmsdalen

Flåmsdalen er ca. 20 km lang og strekker seg frå fjellplatået ved Reinunga til Fretheim og Aurlandsfjorden. Sjølve livsnerven i det kulturelle landskapet er Flåmselva. Elva entrar Flåmsdalen gjennom Kjosfossen, etter fyrst å ha passet fleire vatn i den øvre og meir opne delen.

Det er ikkje funne spor etter steinalder- eller bronseladerbusetting i sjølve Flåmsdalen (Indrelid). Men det er gjort spor etter storfedrift og store tal hustufter, moglege rester av stølsnalegg, i Gudmedalen, datert 2000 år tilbake. (Gustafson 1982).

På starten av 1300-talet er det skrifteleg dokumentert 9 gardar i Flåm. Det talet sank til 5 etter svartedauden. Dei 13 nåverande gardane finn me skriftelege sport frå tilbake til 1600-talet.

Alle gardstuna i Flåmsdalen har meir eller mindre oppretthaldt dei gamle klynge- og rekkjetuna, noko som er karakteristisk for gardar på vestlandet.

Dei store avgjerande endringane i Flåmsdalen kom med vedtaket om bygging av Bergensbanen i 1894. Det blei fyrst lagd ein køyreveg frå Fretheim til Myrdal i 1898. Utan denne vegen, ville mest sannsynleg dalen vore avfolka frå Dalsbotten og innover for fleire generasjonar sidan, slik det gjekk med Aurlandsdalen. Arbeidet med Flåmsbana starta i 1923 og vart avslutta i 1947.

Flåmsdalen sitt husdyrhald og beitebruk har vore med på å definere kulturlandskapet i dalen i lang tid. Geitehaldet vart prega av jamn og stadbunden rytme gjennom beitesesongen, kor dyra stort sett følgde dei same tråkka, nok som førte til eit stort beitepress på utmarksareal knytt til fjøs og stølar. Sauehald gav eit litt anna landskapsbilete, og vart fyrst og fremst prega av intensiv vår- og haustbeite på inngjerda innmark. Når sommaren kom, trekte sauene opp mot fjellet og på utmarksbeite. (Flåmsdalen – Jordbruk og landskap, 1992).

Aktuelle tiltak:

Sikre gamle ferdselsårer i Flåmsdalen. Lage strategisk plan for Flåmsdalen, lik den for Aurlandsdalen. Flåmsdalen har høg landskapsverdi og er sårbar mot større utbygging. Landskaps- og stadanalysar må leggest til grunn for igangsetting av større tiltak.

E3 Undredal

Undredal er ein kraftig nedskoren U-dal, som går over i ein V-dal ved utløpet til den verna Undredalselvi, der kor busetjinga ligg. Landskapsformasjonen har i stor grad definert det kulturelle landskapet, med stølsområde oppover dalen, der den opnar seg mot fjellet. Undredal er, som mange andre bygder i Sognefjorden, bygd opp rundt ferdselen på fjorden, og sjølv om vegen som kom i 1988 endra tilkomsten, har den i mindre grad endra kultur-landskapet som heilskap.

Ved utskiftinga fyrst på 1900-talet vart det gamle klyngetunet oppdelt og dei mange hundre teigane samla i store einingar. Klyngetunet med 12 bustadhus og 33 uthus/driftsbygningar låg ovanfor Bruasva, krysset ved elva der ein tek av til kyrkja eller skulen. Ras og flaum la rammer for nye og trygge plasseringar, og Undredal har stort sett same bygningsmiljø den dag i dag. I dag finn vi det nyaste bustadfeltet her. I dag er det omlag 13 bustadhus og 17 uthus/driftsbygningar i dette området.

Undredal stavkyrkje er den minste i landet. Den vesle kyrkja med blå stjernehimme og rik rosemåling er i vanleg bruk, og nyleg restaurert. Kyrkja ligg på ein elveterasse med stor utsikt over bygda og fjorden.

Den har kvitmåla utvendig panel og er mindre enn mange av bustadhusa i bygda og glir slik fint inn i bygningsmiljøet. Undredal har lite dyrkbar jord og bygda har ikkje eigen gravplass. Slik er det også innerter Nærøyfjorden. Ved gravferd vart kistene rodd til Vangen.

Få fjordbygder i indre Sogn har i dag eit så intakt og godt stelt landbrukslandskap. Det levande kulturlandskapet er ein viktig del av stadkjensla, her er bønder i arbeid og bratte jorder som

blir både slått og beita. Det er tungt å drive, men jordene gir gode avlingar. Oppmura terrasser i bakkane er haldne vedlike, foret frå slåtteteigane langsmed fjorden blir fortsatt rodd heim med båt. (*Undredal – Stadanalyse, 2015*).



Figur 17. Bilete er frå Vassete over Nedbergo i 1948, og syner mellom anna Unni Nedberge og Ragna Nedberge. Foto: Ragna Finden

E4 Nærøydalen-Nærøyfjorden

Nærøydalen er ein mektig nedskoren dal, med den verna Nærøydalselvi som slynger seg nedover frå Stalheim og ut i Nærøyfjorden. Dalbotn er godt oppdyrka, med mykje grasproduksjon og beiteareal. På garden Hemri ligg det gravhaugar frå vikingtid. Gardane har bygningar der alderen fortel om lange jordbrukstradisjonar. Den gamle vegen Stalheimskleiva vitnar om ei gamal historie knytt til ferdsle gjennom Nærøydalen. Dette var postrute frå 1647.

Delar av denne er enno intakt, gjennom den gamle postvegen som går frå Bleiklindi til Styvi i Nærøyfjorden.

(Landskapsanalyse – Nærøyfjordområdet, 2016).

Nærøyfjorden er prega av bruk og busetnad som har sett tydelege spor i landskapet gjennom lange tider. Der det har vore mogleg har alle ressursar i det utfordrande landskapet vorte nytta til jakt og veiding, sanking av vinterfôr, uthenting av ved og virke, utvinning av jern, tjøre og kol, rydding av jordbruksland, beite og slått. Nærøyfjorden er eit av 104 område med særskilt verdifullt kulturlandskap og vart i 2002 oppretta som landskapsvern-område grunna det kontrastrike landskapet frå fjord til høgfjell og den store variasjonen i geomorfologiske former, kvartærgeologiske avsetningar, planteliv, dyreliv og kulturhistorie.

Dei eldste spora etter bruken av fjordlandskapet er bevart i form av fornminne som fangstanlegg i fjella og tufter og gravrøyser ved fjorden. Nyare spor som bygningsmiljø i form av fjordgardar, høgdegardar, stolar, strandsitjarstader, husmannsplassar, skyss- og gjestgjevarstadar i tillegg til gamle vegar er òg viktige delar av kulturlandskapet. I Nærøyfjorden

ligg det fire busette område, Gudvangen, Styvi, Dyrdal og Bakka. (Stadanalyse for Bakka i Nærøyfjorden, 2009).

E5 Styvi

Styvi er ein av dei fire grendene eller hovudgardane i Nærøyfjorden, og består av to gardsbruk og vårstølen Holmo. I tillegg har garden stølsrett på Hjølmo og Vassete i Dyrdal, på motsett side av fjorden. Før Nærøyfjordområdet fekk verdsarvstatus, vart det oppretta eit eige landskapsvern-område frå Styvi til Holmo i 1991. Grenda er saman med andre grender/gardar fremheva i forvaltningsplanen for Vestnorsk Fjordlandskap til å vere av særskild verdi. Det er grunn til å tru at Styvi har vore busett før Svartedauden, og at garden vart rydda av folk frå Dyrdal. Dette kan forklare kvifor Styvi har stølsrett på Dyrdalssida av fjorden. Grenda har ein viktig historisk plassering knytt til postvegen, som del av ruta i Nærøyfjorden, mellom Bleiklindi og Styvi. *(Nærøyfjorden.no)*



Figur 18. Utsikt frå Styvi mot Dyrdal, frå 2006. Foto: S. Ulvund

E6 Stokko

Stokko med sine slåtteteigar er, saman med det kulturprega landskapet vidare inn mot Undredal, eit viktig element i landskapet i Aurlandsfjorden. Her er mosaikk av små teigar, røyser, beitemark og midels-rik lauskog. Området ligg på sørvestsida av fjorden og er ei fortsetting av kulturlandskapet kring geitebygda Undredal. Det aller meste av dette arealet ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, som er en del av Vestnorsk Fjordlandskap.

Sjølv om drifta av slåttemarka utover fjorden har minka de seinare tiåra, er landskapskvalitetane til dette området så høge at det vil vere viktig både for reiselivet og for identiteten hjå innbyggjarane i Undredal å freiste å ha halde dei resterande opne areala ope. Kulturlandskapskvalitetane både med opplevingsverdi, biologiske verdiar og kulturhistoriske verdiar er høg. Dette er ein liten bit av Nærøyfjorden landskapsvernområde og verdsarvområde som er verdt å verne om, eit vern som krev aktiv skjøtsel. (Aurland naturverkstad BA, 2006).

E7 Bakka

Den vesle grenda Bakka femner om gardane Bakka og Tufto. På veg inn Nærøyfjorden vil dette vere dei siste gardane båten passerar, før den når enden av fjorden i Gudvangen. Det er nærliggjande å anta at Bakka og Tufto opphavleg har vore del av ein og same gard, ettersom dei vert omtala som indre og ytre Bakke i kjelder opp til 1600-talet. Ytre Bakke (Tufto) vart fråskilt som eigen gard rundt 1750. Allereie rundt 1700 var folketalet på garden høgt, sett i høve til dei andre gardane ved Nærøyfjorden. Dette tyder på at garden var relativt stor. At

gardfolket på Tufto på 1700-talet vart rekna som velstandsfolk viser òg at garden gav eit godt utkome. Av utmarksnæringane var særskilt stølsdrifta avgjerande for talet på husdyr ein kunne fø på gardane. Til saman har det ligge seks stolar under dei to gardane: Flåtane, Seltuft, Stølsnes, Rimstigen, Breidalen og Røyrdoten. Vegen opp til fjellstølane var opphavleg ein godt opparbeida kløvjeveg, somme plassar med fine oppmuringar. Vegen heiter det same som ein av stølane, Rimstigen. Mange av bygningane på Bakka ser framleis ut som dei gjorde då dei vart bygd på 1800-talet, og tidlegare. Som heilskapleg miljø har desse stor verdi. I tillegg har einskilde bygningar stor verdi åleine. (*Nærøyfjorden.no*)

E8 Høgdegardane

Høgdegardane langs fjorden er lette å få auge på, og gjev stor kontrast til det storslagne naturlandskapet. Dei viser korleis folk har nytta naturressursane gjennom lang tid. Høgdegardane var tidleg busette, og var truleg tatt i bruk av fangstfolk som nytta naturressursane med jakt og fangst. Døme på høgdegardar i Aurlandsfjorden er Nedbergo, Horten og Stigen. I Aurlandsdalen har med mellom anna Sinjarheim, som ligg høgt og fritt på eit høgdedrag med gjel, juv og fossar på alle kantar. Det er ei husklynge på seks hus samt ei lita turkestove for korn som ligg bak husa. Alle bygningane, med unnatak av stovehuset og kårstova, er bygde av materialar frå staden. Stovehuset skal vera bygd kring 1830 av tømmer som vart frakta med hest over fjellet frå Nordheimsdalen. I Flåmsdalen har me mellom anna Indreli og Ryo ,Holo, Geisme og Vidme.

Aktuelle tiltak:

Vurdere omsynssoner rundt høgdegardane knytt til viktige kulturmiljø

E9 Steingardar

Rydding av jordbruksland opp gjennom tidene har medført utlegging av mykje stein, som i stor grad vart nytta til bygging av steingardar. Steingardar vart mykje brukt som grenseganga mellom bruka. Steingardar er ein viktig del av jordbrukslandskapetets historie, særleg tidlegare då det var mindre vegetasjon og landskapet meir ope. Saman med bakkemurar fortel dei historia om korleis dei einskilde områda vart nytta, og er i dag viktige minne. Langs fjorden, er både bakkemurar og steingardar utsett for erosjon, i tillegg til ras og flaum, og det er viktig å følgje opp med tiltak for å sikre desse (*Kulturminne og klimaendringar -Pilotprosjekt, 2015*).

Aktuelle tiltak:

Som hovudregel bør det ikkje gjevast løyve til riving av steingardar. Om det er naudsynt for gardsdrift kan det gjevast løyve til riving av delar av muren. Andre tiltak som kjem i konflikt med steingardar skal i størst mogleg grad flyttast vekk frå eller ta omsyn til steingardane

E10 Vatningsveiter, vatningssystem og tømmerrenna

Dei eldste vatningsveitene i Noreg har røter tilbake til 1200-talet, der nedbørsfattige område, som indre Sogn, var avhengig av desse veitene til kunstig vatning. Den gamle vatningsmåten med veiter, slok og slangar gjekk på helsa laus til bøndene, og om fleire gardar måtte dela på ein kjelde, ei vatningsgrov, måtte ein ta vatnet etter ein bestemt plan.

I 1920-åra kom dei fyrste vatningsanlegga, trykkvatn og spreiarar. Dette revolusjonerte innmarka der gamle vatningsveite kunne fjernast. Mange gardar fekk eige vatningsanlegg med statstilskot i 1930-åra. (Ohnstad, 1990)

Det finst framleis spor etter vatningsveiter og bruk av vatn i gardsdrifta. Mellom anna oppe i Kvammadalen, i Vassbygdi og ved dalsstien i Undredal finst det spor etter veiter. Dei gamle tømmerrennene oppe i Li syner og til korleis bønder nytta seg av dei naturlege ressursane i landskapet.

Vatningsveita frå Turlifossen er og rekna som svært gamal.

Vatningssystemet knytt til Li-Onstad og Tokvam fortel om eit kompleks system for å styre kven gard som skulle få vatn når. Viktig immateriell kunnskap.


Aktuelle tiltak:

Kartlegge spor etter veiter og tømmerrenner i kommunen.



Figur 19 Vatningsveiti til Kvam, Ty og Høydalen starta oppe i elvi Kolsa i Kvammadalen, og gjekk heilt til sjøen. Foto: Åsmund Ohnstad

Kart kulturminne frå landbruket



3.6 Bygningar og bygningsmiljø

Aurland har mange historiske og verneverdige bygningar og bygningsmiljø det er viktige å ta vare på. Dei synar korleis byggeskikk og arkitektur har endra seg opp gjennom historia og korleis dei levde før oss. Bygningane og miljøa er viktige kjelder til kunnskap, oppleving og bruk og kallast derfor nettopp «den bygde kulturarven».

Forfall og riving av bygningar i eit typisk bygningsmiljø, vil ofte bryte opp heilskapen i dette miljøet og redusere den heilskapen bygningsmiljøet representerer.

Me har fleire viktige bygningar og bygningsmiljø i Aurland kommune og har valt ut nokre bygg og miljø. Ein meir omfattande beskriving av bygg og miljø finst i «Plan for vern av kulturminne i Aurland kommune» frå 1990. Her vil ein og finne vernekategoriar knytt til mange bygningar og miljø.

Dette dokumentet, og andre vedlegg og kunnskapsgrunnlag, vil danne viktige rammer for korleis me vurderer vernekategoriar og omsynssoner for desse bygga og bygningsmiljøa, i utarbeiding av arealdelen

Aktuelle tiltak:

Ved ny utbygging skal det takast omsyn til eksisterande bygningsmiljø og estetikk, jf. PBL § 11-9, nr. 7

Ved bygge- eller anleggstiltak nær kulturminne skal det leggjast særleg vekt på vurdering av heilskap. Ved kulturhistoriske bygningsmiljø skal det nye tiltaket ha utforming som er tilpassa den kulturhistoriske heilskapen. Innanfor tradisjonelle tunskipnader eller stølsgrender skal det utvisast særleg aktsemd.

Utvalde område

| Nr. | Kulturmiljø | Område |
|-----|---|-------------|
| F1 | Gudvangen sentrum | Delområde 1 |
| F2 | Aurlandsvangen | Delområde 3 |
| F3 | Otternes Bygdetun | Delområde 4 |
| F4 | Undredal sentrum | Delområde 2 |
| F5 | Låvi | Delområde 3 |
| F6 | Dyrdal | Delområde 1 |
| F7 | Vidme | Delområde 4 |
| F8 | Lordahuset | Delområde 3 |
| F9 | Prestanaustet | Delområde 3 |
| F10 | Eldhus v. Bakka kyrkje (automatisk freda) | Delområde 1 |
| F11 | Seltuftberget brakke | Delområde 4 |
| F12 | Lensmannstova på Onstad | Delområde 3 |



Figur 20. Flyfoto frå 1950-talet over Låvi, eit viktig bygningsmiljø med godt inntakt bygningsstruktur. Foto: Telemark flyselskap

F1 Gudvangen sentrum

Gudvangen har lange tradisjonar som gjestgjevarstad. Postføringa mellom Voss og Gudvangen på 1700-talet opna Nærøydalen for meir ferdsel, og i 1734 vart det gitt løyve til å drive gjestgjevarstad og handel i Gudvangen. Busetnaden på Gudvangen ligg samla på begge sider av vegen eit stykke opp for ferjekaia, og sjølv om enkelte av husa er ein del ombygde, ber tettstaden tydeleg preg av å ha vakse fram på slutten av 1800-talet.

Tettstaden Gudvangen fortel om framveksten av ei ny tid og ei ny næring; kommunikasjonane og turismen. Busetnaden har slik ein kulturhistorisk verdi, men enkelte av bygningane har og stor eigenverdi, t.d. bygningane som høyrde til «Vikingvang hotell. Dette er det best bevarte hotellet i sveitserstil i kommunen, og er satt til vernekategori B.

På slutten av 1800-talet voks staden og vart eit lite sentrum i Nærøyfjorden. Veksten hadde mellom anna samanheng med opninga av Vossebanen i 1883. Turistbåtane låg for anker ute i fjorden, og hestekyssen gjekk mellom Gudvangen og Voss.

F2 Aurlandsvangen

Så seint som i 1845 var det i følge folkeforteljinga berre 10-12 hus på Aurlandsvangen. Onstad og Onstad gard var på 1700-talet sentrum i bygda. Onstad hadde gjestegard, med mellom anna Lordahuset, og var fast tingstad. Det var i hovudsak strandsitjarar som livnærte seg på Aurlandsvangen, gjennom handverk, dagarbeid og fiske. Men i siste halvdel av 1800-talet byrja staden å vekse. Postkontoret kom i 1860-åra, og dampskipskaia i 1870-åra.

Dei eldste og mest opphavelege bygningane på Aurlandsvangen ligg i området nord for torget, med mellom anna det nå freda Aabelheim. Dei fleste strandsitjarane bygde hus på sjølve Odden, mellom 1880 og 1930. Det finnes nokre få hus igjen synar denne historia.

Aurlandsvangen ber i dag preg av nybygg og endringar frå den opphavelege strandstaden. Variasjonar av hustypar og stilartar gjer at ein likevel kan lese korleis busetnaden har vakse fram. Bygningane på Aurlandsvangen har framfor alt verdi som del av eit miljø, men fleire bygningar har også stor antikvarisk verdi i seg sjølv.

Delar av Aurlandsvangen er regulert til spesialområde for bevaring.

Store delar av Aurlandsvangen er i dag framleis eigd av Aurlandsvangen soknealmenning. Det er få plassar i Noreg som framleis har denne eigarstrukturen knytt til eit kommunesenter.

Aktuelle tiltak:

Ny områdeplan for Aurlandsvangen må bidra til å sikre dei bevaringsverdige områda og einskilde bygga gjennom bruk av omsynssone «kulturmiljø». Framtidig utbygging må vere tufta på stadanalysar og estetikk-rettleiar.

E3 Undredal sentrum

Dei fleste bygningane i Undredal er bygde rundt og etter 1900. Husa ligg i ein tett bandstruktur langs vegar og i skråningane mellom elveterrassane og utgjør i dag eit svært særmerkt miljø. Strukturen er bygd opp med sjøhus og naust nede ved fjorden, med butikk og bustadhus bak. Gardane ligg bak desse igjen, og rundt busetnaden. På en bakkekant, på oversida av busetnaden ligg Undredal stavkyrkje.

I dei mest tettbygde områda var det mest husmenn som bygde, seinare var det anleggsarbeidarar frå Bergensbanen og Flåmsbanen. Fleire av husa står i dag tomme, eller blir berre nytta som feriehus, mange er og ein del ombygde.

Det viktige bygningsmiljøet i Undredal er regulert til spesialområde for bevaring.

E4 Otternes Bygdetun

Otternes er fyrste gong nemnt i skriftlege kjelder på 1500-talet, men vart truleg rydda før Svartedauden. På 1600-talet vart garden delt opp i fleire bruk, og på byrjinga av 1800-talet var det fire brukarar på garden. Husmannsplassane under garden låg på Bøen nede ved fjorden.

Fram til 1987 var det teigblanding på Otternes, og tunet er ei blanding av eit rekkjetun og eit klyngetun. Det er i alt 26 bygningar i tunet. Det er svært homogent både med omsyn til byggjeskikk og materialbruk. Dette har truleg samanheng med at den yngste bygningen i tunet er reist så tidlig som i 1860-åra. Bygningane er svært opphavelig både når det gjeld eksteriør og interiør. Dei fleste bygningstypane er representert. Dette gjer at Otternestunet mellom anna gir ein eineståande dokumentasjon av eldre byggjeskikk og brukstradisjonar.

I tilknytning til bygningsmiljøet er det og gamle hagar med frukttre og bærbusker. Brønningar, trapper og steinopplegg er framleis intakte. I utmarka er det framleis restar etter det gamle og intensivt drivne jordbrukslandskapet.

Kulturlandskapet og bygningane på Otternes utgjør ein heilskap som i dag er vanskeleg å finne. Difor er tunet i dag i ferd med å bli freda av riksantikvaren.

Aktuelle tiltak:

Aurland kommune skal følgje opp fredingsvedtaket og vere ein aktiv part som sikrar eit levande bygdetun. Følgje opp tiltak i Rapport: Kulturminne og klimaendringar, frå 2015.

E5 Låvi

Låvi ligg over Vassbygdivatnet, tett opp til fjellsida, og dannar eit tydeleg fleire tun med mykje intakte bygningsstrukturar. Frå først av var truleg det meste av busetnaden lagt øvst i tunet der bruk nr. 3 ligg i dag. Utflyttinga skjedde i samband med eit minneleg jordskifte på byrjinga av 1800-talet og ein del av husa vart nå lagt i ei rekkje langs vegen og den kunstige grova som går gjennom garden.

Garden Låvi vart svært tidleg delt opp i fleire bruk. Alt på 1600-talet var det sju brukarar på garden. I 1830 hadde talet stege til ni, og på slutten av hundreåret til 18. Før Amerikaferden kring 1850, budde det ca 150 menneske på Låvi.

Med unntak av enkelte bygg er det først og fremst strukturen i tunet som er viktig. Dette er den garden i Aurland der det er

Høyringsutkast av 18.10.23

samle flest hus, og den tette plasseringa av husa gjer at garden kan minne om ein liten landsby.

Aktuelle tiltak:

Låvi bør få ein omsynssone «kulturmiljø» i arealdelen.

F6 Dyrdal

Dyrdal er lokalisert sentralt i Verdsarven, med velhaldne bygningar, eit godt bevart klyngetun, godt bevarte stølsmiljø og eit rikt innhald av kulturminne i eit variert og framleis ope kulturlandskap. Dyrdal står i dag fram som eit svært viktig, heilskapleg kulturmiljø.

Dyrdal har ei lang kulturhistorie. Fangstanlegg for villrein på fjellryggene ovanfor dalen og funn av ei øks frå yngre steinalder i dalen gjev historisk perspektiv til livet kring Nærøyfjorden. Garden Dyrdal vart tidleg rydda (Ohnstad 2006). Drægo og Dyrdal har gravfunn frå eldre jernalder (Ohnstad 2006, Arkeoland). Bygda og dalen er rik på nyare tids kulturminne, dei langt fleste knytt til landbruk, men og kulturminne som syner overgangen frå eit reint landbrukssamfunn mot 1900-talet sitt teknologisamfunn (Hardarson 2006).

Arnehus omfattar eit område ved sjøen på austsida av Dyrdalselvi. Det har aldri vore nokon gard. Eigedomen er truleg fråskild Dyrdalsgardane i 1670 – 80-åra. Arnehus er mest omtala som gjestgjevarstad – truleg den fyrste som vart oppretta i Nærøy, og dessutan som tingstad.

På 1700- og 1800-talet var det mange husmenn i Dyrdal. Desse hadde husa sine nede ved fjorden. Det var såleis snakk om eit strandsitjarmiljø i Dyrdal. Ei tid etter 1900 forsvann dei siste

husmennene. Det var fleire tobakkshus i bygdene kring Nærøyfjorden, m.a. på Styvi og i Dyrdal. Tobakksdyrkinga tok slutt i 1920-åra. Dyrdal med kai og naustmiljø, bygningar og innmark er eit viktig landskapselement i Nærøyfjorden.

F7 Vidme

Vidme ligg ,som den einaste av høgdegardane i Flåmsdalen, på vestsida, 572 m.o.h. Skålgropene i tunet fortel om menneskeleg verksemd attende til bronsealderen, og garden er nemnt i skriftelege kjelder frå mellomalderen. Vidme har vore den mest velstående av gardane oppe i Flåmsdalen, truleg på grunn av den lette tilgangen på utmarksressursane i fjellet.

Gardstunet inneheld i dag tre våningshus, tre kombinerte driftsbygningar, ei smie og ei kornturke. Eit grisehus og to stabbur er rivne. Som dei fleste andre høgdegardane fekk industrialiseringa og overgangen til nye driftsmåtar liten innverknad på tunskipnaden, og husa står framleis i ein nokså tett klynge.

F8 Lordahuset

På 1700-talet måtte ein ha løyve for å drive gjestegiveri, og det fikk Korporal Sivert Johannessen i 1737, etter å a vore gift med ei jordakvinne på Onstad. (fylkesleksikon). Den gang var Onstad fast tingstad i bygda, og det varte i meir enn 100 år. Lordahuset (Indrelids hus), også kalla lordabygningen og engelskbygningen vart det største av bygningane som hørte til gjestgjevarstaden på Onstad, drive i sin tid av madam Larsen. Sjøelve bygget var opphavelig eit enkelt langt låghus, bygd saman av to eldre hus på 1700-talet, men ei av lordanes kone, Mrs Wigram, fekk bygd på arken, då ho ynskja seg betre utsyn frå fyrste høgdi, dette skjedde kring 1860-1870-åra.

Lordahuset har ikkje vore bebudd sidan 19xx og ber preg av forfall, lekkasjar og har etter kvart blitt ein sikkerheitsrisiko for omgjevnadane. Dette viktige kulturminne står i fare for å gå tapt om ikkje naudsynte og omfattande tiltak vart satt i gang. Dette bygget ber på historia om lordane, gjestegjeveria og utviklinga av Aurlandsvngen, samstundes som det ligg synleg til langs vegen inn til sentrum.

F9 Prestanaustet

Prestanaustet i Skinnarvikji på Aurlandsvngen var knytt til prestegarden Aurdal. Det var presten i Aurland som brukte naustet til opplag av båten som tok ham både til Undredal og Flåm kyrkje.

Naustet blei valt til Aurland kommune sitt kulturminne i kulturminneåret 1997 og etter mykje engasjement fikk bygget ein enkel restaurering rundt 2000-talet. I dag er det Vestland fylkeskommune som er eigar av naustet, som er knytt til Sogn jord- og hagebruksskule, som brukar naustet i samband med undervisning i friluftsliv.

Naustet ligg som eldste bygg i ein liten klynge av naust, og er sterkt prega av forfall. Naustet bør restaurerast og sikrast mot vegen bak, og vere ei levande forteljing om fjorden som ferdselsåre, kyrkja sin plass i samfunnet, og prestegarden Aurdal.

Aktuelle tiltak:

Aurland kommune bør vere pådrivar for å sikre og datere bygget.

F10 Eldhuset på Bakka

Eldhuset på Bakka vart i 2020 datert til 1270-talet, og er då det eldste ikkje-kyrkjelege mellomalderhuset i Vestland fylke.

Byggjeskikken på eldhuset, med trapesforma sviller og maga veggstokkar, held seg til langt ut på 1600-talet. Huset har få detaljar som kunne seie noko om datering, difor vart årringsdatering det einaste som kunne talfeste eldhuset på Bakka.

Bygningen har stått utan kledning i om lag 100 år, og er no rehabilitert og fått eit betre vern.

F11 Seltuftberget brakke

Høgt på ein knaus med vidt utsyn ligg jernbana og Seltuft anleggsbrakker. I anleggstida gjekk det ein heiskabel frå vegen og opp dit. Med den kunne ein lettare frakte opp materialar. Tilkomsten til Seltuftberget brakke er spektakulær. Under anleggstida var fire jernstegar fastmontert i den steile fjellsida opp frå Seltuftvatnet: dei tre nedste sto tett etter kvarandre, den fjerde litt lenger oppe i den bratte stien. Denne vanskeleg tilgjengelege brakka har mykje av sitt opphavlege eksteriør og inventar att. Brakka er bygd i 1900 etter typeteikning for 24 mann, og det vart bygd tre slike brakker. Freda i 2002.

Aktuelle tiltak:

Sikre det freda område med omsynssone


F12 Lensmannstova på Onstad

Lensmannsstova på Onstad var del av lensmannsgarden i fem generasjoner frå omkring 1700. Då var Onstad nemleg senter i Aurland. Den siste lensmannen trakk seg tilbake i 1912, og døyde i 1929. Sjølvstova er bygd i fyrste halvdel av 1800-talet, og stod opphaveleg nærare hovudbygget på garden, men vart flytt i samband med renovering i 1953, etter at Sogelaget, skipa i 1929, tok over stova frå A/S Aurlandsfallene.



Figur 21. Lensmannsstova på Onstadtunet, før den vart flytta. Bilete er frå 1940. Foto: Ukjend.

Kart over bygningar og bygningsmiljø



3.7 Krigsminne – arven etter krigen

Historia har lært oss at ein krig ikkje er over med dei som kjempa den. Verknadane av krigen fortsett gjennom fleire generasjonar, og me blir stadig minna på kor sårbare me er mot krig – både direkte og indirekte. Aurland slapp ikkje unna krigen som starta i 1940.

Utvalde kulturminne

| Nr. | Kulturminne | Område |
|-----|--|-------------|
| G1 | Forsvarsanlegg, Neset i Flåm | Delområde 4 |
| G2 | Freda grav Mikhel Kägi | Delområde 1 |
| G3 | Begonia | Delområde 4 |
| G4 | Tysk forsvarsanlegg på Ramsøy | Delområde 1 |
| G5 | Skytestillingar inkl. bunkerser i Nærøydalen | Delområde 1 |
| G6 | Minnestein, Andrias Bryn | Delområde 1 |

Aktuelle tiltak:

Utarbeide ein heilskapleg oversikt over krigsminne, både materielle og immaterielle, i kommunen. Følgje opp Aurland kommune sitt tidlegare arbeid.

G1 Forsvarsanlegg, Nestet i Flåm

Flåm vart evakuert i slutten av april. Tyskarane heldt i fyste omgang til på Fretheim hotell, men bygde etter kvart ei brakke på Brekke, i Hokjen. Denne brann snart ned, men vart snart bygd opp att. Det vart og bygd ei brakke til russiske krigsfangar, med høgt gjerde kring. Denne vart kalla «russarbrakka». I Flåm finn vi fleire krigsminne knytt til forsvarsanlegg, dei mest omfattande på Neset og på Hagaberg.

G2 Freda grav Mikhel Kägi

Mihkel Kägi var Kaptein på kolbåten «Begonia» og søkte ly for dei tyske bombene. Mannskapet og kapteinen gjekk i land i Sandhaugen og kapteinen vart råka av ein steinsplint i hovudet og døydde her. Han vart gravlagd på Flåm kyrkjegard. Eit jernkors vart sett opp på grava. Etter krigen sette Flåm Ungdomslag opp ei steinstøtte med namn, fødselsdag og død. Grava med gravstein er i dag freda. (Harald Sjursen, 2020).

G3 Begonia

25. april 1940 slepte tyskarane bomber over Flåm. Mange søkte tilflukt under hellerar. Det estiske skipet Begonia hadde søkt tilflukt under Midnosiberget nokre dagar tidlegare. No vart det slept bomber mot skipet. Mannskapet og kaptein Mihkel Kägi hadde gått i land, men kapteinen vart skadd av ein splint og døydde. Skipet vart seinare senka av den norske hæren. Sidan det ligg under vatn er det eit automatisk freda kulturminne. Bergen sjøfartsmuseum har lagt det inn på kulturminnesøk.no

G4 Tyske forsvarsanlegg på Ramsøy

Dei fyrste dagane etter krigen braut ut 9. april var Gudvangen eit viktig knutepunkt. Frå denne bygda var det vegsamband til Voss, difor gjekk straumen av mobiliserte mannskap med båt inn til Gudvangen og derfrå landevegen vidare til Voss. Tyskarane hadde eit omfattande forsvarsanlegg på Ramsøy. Dette bestod av løpegraver på kring 400 meter og seks bunkerar. Anlegget på Ramsøy og elles i Gudvangen er ikkje fullstendig registrert.

G5 Skytestillingar – Nærøydalen

Det blei ikkje lagt ut landminer i Nærøydalen, men fleire stader var veg og bruer gjort klar for sprenging. Det som i dag er fylkesveg mellom Bakka og Gudvangen blei underminert, og ein kunne i påkomne tilfelle sprengje bort smale parti av vegen. Liknande var gjort i Stalheims-svingane, og der er også spor etter forsvarsstillingar. I hagen framfor Stalheim hotell ligg framleis bunkeren "Lorelei" med flott utsikt nedover Nærøydalen i retning Gudvangen.


G6 Minnestein, Andrias Bryn

Tett attmed vegen i Gudvangen står ein minnestein over matros Andrias Bryn, fødd 1918. Han reiste til sjøs før krigsutbrotet i 1939 og miste livet i ei forferdeleg eksplosjonsulukke på hamna i Algér i juli 1943. Folket i Nærøydalen reiste minnesteinen i 1946. Han står i tunet der Andrias voks opp, attmed vegen eit par hundre meter frå ferjekaia. Minnesteinen vart avduka søndag 21. juli 1946. (fylkesarkivet/Hermund Kleppa).



Figur 22. Krigsminne, slik det ligg i dag på Ramsøy, med god utsikt både utover Nærøyfjorden og innover mot Gudvangen. Foto: Kjell-Ragnar Berge

Kart over krigsminne



3.8 Tekniske og industrielle kulturminne

Aurland er i dag ein av dei største kraftkommunane, men vasskrafta vart og nytta i tidlegare tider. På dei fleste gardar der det var høve til å nytte ein bekk eller elv, var det sett opp kvernhus. Fleire stader var det og sett opp stampar til å lage vadmålsklede. Det har vore fleire sagbruk i Aurland: i Dyrdal, Fronnes og Nordheimsdalen. Kring år 1900 vart vasskrafta nytta til å produsere elektrisk straum. I samband med utbygginga av Bergensbana vart Elektrisitetsverket på Kjosfossen bygd i 1899. På 1920- talet vart det bygd små kraftverk på Bell, Skjerdal, Dyrdal, Undredal og Heimdal. Leinafoss kraftverk vart opna i 1932. På 1970- talet kom den store kraftutbygginga til Oslo Lysverker, i dag ECO.

Utvalde kulturminne

| Nr. | Kulturminne | Område |
|-----|------------------------------|-------------|
| H1 | Kraftanlegga Aurland | Delområde 3 |
| H2 | Tømmerhogst Nordheimsdalen | Delområde 2 |
| H3 | Flåmsbana | Delområde 4 |
| H4 | Anleggsveg Flåm | Delområde 4 |
| H5 | Klevabrua | Delområde 4 |
| H6 | Myrdal stasjon | Delområde 4 |
| H7 | Kraftverk Dyrdal | Delområde 1 |
| H8 | Telefonlinja Aurlandsfjellet | Delområde 3 |

Tilråding:

Sikre det freda forsamlingshuset Myrdalsleitet med omsynssone og jernbanemiljøet på Myrdal eit heilskapleg kulturmiljø som kan sikrast med omsynssone.

H1 Kraftanlegga Aurland

Dagens Aurland kan seiast å vere definert av kraftutbygginga. Anleggsarbeida for Aurland kraftverk starta i 1969 og var ferdig i 1984. På grunn av stor fallhøgde vart det betydeleg og billige kraftmengder i dalføre, men òg stor verneverdi. Striden var ikkje utan kamp, og sikra mellom anna at sjølve Aurlandsdalen vart skåna frå utbygging. Det blei bygd ca 160 km anleggvegg knytt til utbygginga. I periodar var over 900 anleggsarbeidarar i sving i fjella, og bustad- og servicebrakkene blei mange plassar frakta med helikopter.

Før kraftutbygginga hadde Aurland kommune berre ca 8 km riksveg. I 1964 blei den om lag 50 km lange vegen mellom Hol og Aurland opna for alminneleg ferdsel. Landskapspleie stod i fokus gjennom bygging av naturlege tersklar og terrengtilpassing for å sikre den estetiske opplevinga av dalen.

Vidalsvatnet er hovudmagasin for kraftverket Aurland 1. og er koplå saman med ein over 3 km lang tunnel, med ein over 1100 meter lang trykksjakt. Frå Vassbygdi transporterast den elektriske energien til Oslo gjennom høgspenteleidningar. (*Eco*)

H2 Tømmerhogst i Nordheimsdalen

Tidleg på 1900-talet kunne bøndene i Aurland kjøpe tømmer på rot, på den årlege auksjonen som vart halden i Nordheimsdalen kvar haust. Tømmeret vart frakta frå kaia med båt. Ein del fløyttte også tømmeret på fjorden. For å få tømmeret ned til kaia blei det på 1930- og 40-talet bygd to heisar. Før heisane kom vart tømmeret køyrt med hest til ein stor ur, og løypt vidare derfrå heilt ned til elvemunninga i fjorden. Det finst framleis mange spor i terrenget etter tømmerløyper i Nordheimsdalen. Til ein del gardar i Aurland, t.d. Sinjarheim, Nesbø, Aurdalen og Midje transporterte dei tømmeret over fjellet.

Høyringsutkast av 18.10.23

Det vart bygd to allmenningshytter for karane som dreiv i skogen, og dei kunne låne sel på Øygarden og Kolaren.

Det finst i tillegg eit heilt nettverk av skogsvegar etter den omfattande tømmerdrifta i Nordheimsdalen, saman med fleire bruer.

Drifta og heisane i Nordheimsdalen vart flittig brukt og viktig for gardane i Aurland, fram til 1960-talet. I 1976 hadde Sogn Jord- og hagebruksskule øving i skogbruk i dalen og sannsynlegvis er dette ein av dei siste gongene heisane har vore i bruk til tømmerkøyring. (Anne Karin Hatling, Natur- og kulturkvalitetar i Nordheimsdalen, 1990).

Nordheimsdalen er i dag eit verna naturreservat (1999).

Aktuelle tiltak:

Følgje opp restaureringsplan. Sjå på moglegheita for å ta ut tømmer til kulturminneprosjekt.



Figur 23. Skogsvegetasjonen i Nordheimsdalen er ein verdifull naturtype. Bilete synar stallen ved Brendeli. Foto: Magnhild Aspevik

H3 Flåmsbana

Opninga av Vossebanen i 1883 og Bergensbanen i 1909 førte til eit gjennombrot når det gjaldt kommunikasjonar. Skysstrafikken byrja å gå livleg mellom Gudvangen og Voss og mellom Fretheim og Myrdal. Både turismen og handelsverksemda opplevde ein vekst etter dette. Med opninga av Flåmsbana i 1944 fekk Aurland etter si tid eit lett samband både med Oslo og Bergen.

Aktuelle tiltak:

Kartlegge bygningar knytt til Flåmsbana som har kulturhistorisk verdi. Vurdere omsynssoner etter kvart som kartlegginga vart gjort. Omsynssone.

H4 Anleggsvegen Flåm

Anleggsvegen i Flåmsdalen er eit kulturminne av nasjonal verdi. Den blei bygd i perioden 1896-1902, og alt arbeidet føregjekk med handmakt. Nedre del av denne vegen er bilveg, men frå Berekvam og oppover er vegen nokså godt bevart. Her er vegen utan fast dekke, og stabbesteinane og dei fine oppmuringane i naturstein er intakte. Den fire kilometer lange vegen har 17 hårnålssvingar opp til Myrdal stasjon, med ein høgdeforskjell på 350 meter. (*Verdiar i Flåmsvassdraget, Aurland kommune i Sogn og Fjordane, 2001*).

H5 Klevabrui

Klevabrui er ei steinkvelvingsbru med eit spenn på 35 meter, som det tok fire år å bygge. For å byggje brua trengde ein fyrst materialar til stillas. Tømmeret til dette vart henta i Kaupanger. Sjølve byggesteinen vart sprengt laus på Klevafeten, eit par kilometer unna brupunktet. Steinen vart frakta med slede over isen, etter at kvar einskilde stein vart hogd til. Den stod ferdig i 1906 og vart rekna som ei av dei vakraste bruene på Bergensbana. (*Indreliid*)



Figur 24. Kvar stein er hogd etter nøye mål og form. Foto: Svein Ulvund

H6 Myrdal stasjon

Stasjonen med banemeisterbustad, som er teikna av Paul Armin Due, vart bygd før bana kom fram til Myrdal. Her budde anleggslegen med heile hushaldet sitt. I alle brakker og hus var det teneste- og kokkejenter. I tillegg til brakkene vart det bygd handelsbu, kontor, lagerbygningar, lokomotivstall, forsamlingshus og vaktarbustadar her. I andre etasje i lokomotivstallen var det skule under anleggstida. I «Statens

barakkar» budde linjearbeidarar og handverkarar tilsett hos NSB. I Myrdalsleitet budde landhandlaren og fleire handverkarar som ikkje var direkte knytte til tunneldringa, som skomakar og snikkar. Også her budde fleire tilsette hos NSB, mellom anna anleggspresten. Sjølve Stasjonsbygningen, ferdig i 1908, blei opphaveleg oppført med halvanna etasje der den nedre halvdelen vart bygd i gråstein med inspirasjon frå jugendstil. Seinare blei bygningen utvida til to fulle etasjar. (*Björg Eva Aasen*).


H7 Kraftverk i Dyrdal

Bygd i 1923, då bøndene i Dyrdal gjekk saman for å sikra seg straum frå Dyrdalselva. Dette var i si tid ein dyr investering, men bidrog til at innbyggjarane fekk lys i husa på eit tidleg tidspunkt. Kring 1950 budde det ca 30 menneske i Dyrdal. (Fylkesarkivet)

H8 Telefonlinja i Aurland - Stolpeskur

I 1859 vart det bygd ei telegraflinje over Aurlandsfjellet. På fjellovergangane vart det sett opp linjehytter for arbeidsfolk og oppsynsmenn, og stolpeskur for reservestolpar og anna linjemateriell. Kring 1900 var det ved den gamle linjekursen på Skjerdalsfjellet to "fjeldstuer", eitt skur i gråstein og eitt stolpeskur. Ved den nye traseen var det på same tid ei tømra fjellstove. Denne fjellstova på "Medjefjell", Midjehytta eller Hornshytta som ho seinare vart kalla, ligg ved Hornsvatnet i knapt 1300 meters høgde. Hytta vart oppsett i 1876. Stolpane til den fyrste linja kom frå fjellskogen på Frønningen, og vart køyrde over fjellet på vinterføre. Seinare kom impregnerte stolpar andre stader i frå, leverte ved sjøen i Erdalen eller Aurland. (Harald Jarl Runde, Fylkesarkivet).

Kart over tekniske og industrielle kulturminne



3.9 Samferdsle

Mange av dei viktige kulturminna me kan sjå spor av i landskapet er knytt til korleis folk ferdast før. Og mange av dei naturgitte objekta var ofte meir enn berre det. Dei var viktige haldepunkt i landskapet, for å visa veg heim, eller leie driftekarane over fjellet. I dag er mange av dei gamle stiane og vegane viktige ferdselsårer for friluftslivet.

Tettstadene i kommunen byrja fyrst å vekse fram i åra kring 1900, noko som mellom anna har samanheng med utviklinga av kommunikasjonane. I 1870- åra vart det bygd dampskipskai på Aurlandsvengen og bru over elva. Aurlandsvengen overtok då dei sentrumsfunksjonane som tidlegare var lokaliserte på Onstad. Tettstadene Gudvangen, Fretheim og delvis Undredal voks fram som eit resultat av jernbaneutbygging, dampskipssamband og auka turistferdsel.

Lenge skjedde det meste av transporten via sjøvegen. Postvegen langs Nærøyfjorden vart bygd alt på 1700-talet, men elles fanst det nesten ikkje køyreveggar før på midten av 1800-talet. Veggen mellom Bakka og Gudvangen vart bygd i 1856, og i 1894 vart det bygd veg frå Gudvangen til fylkesgrensa. Veggen til Vassbygda stod ferdig i 1923 og veggen mellom Aurlandsvengen og Fretheim i 1920.

Vegane har spela ein stor rolle i korleis samfunnet har endra seg frå å nytte fjorden som ferdsleåre til å bygge veg. Store inngrep og omfattande endring av kulturlandskapet har satt sine spor i dalane og langs fjorden, men òg opna opp for nye moglegheiter.

I dag ser med at auka turisme og meir fokus på klimavenleg ferdsel, ført til at fjorden igjen etablere seg som ferdselsåre.

Aktuelle tiltak:

Jobba for at samferdsleutvikling og infrastruktur teke omsyn til attverande viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Utvalde kulturminne

| Nr. | Kulturminne | Område |
|-----|----------------------------------|-------------|
| I1 | Sjøvegen – naust, kaier/bryggjer | Alle |
| I2 | Driftevegen | Delområde 3 |
| I3 | Påbegynt veg - Undredal | Delområde 1 |
| I4 | Rallarvegen | Delområde 4 |
| I5 | Gamle Flåmsvegen | Delområde 4 |
| I6 | Gamle støls og kløvjavegar | Alle |
| I7 | Postvegen | Delområde 1 |
| I8 | Vassbygdevegen | Delområde 3 |



Figur 25. Hestekjss ved Fretheim Hotell i 1935. Foto: Marta N. Breilid

11 Sjøvegen og nausta med kaier og bryggjer


Stølsvegane var gode å ha for dei fleste bønder, men for dei som hadde teigar og stolar over fjorden måtte det båtar til, både for folk og fe, og høy og lauv. Avhengig av last. vert dette frakta med åttæringar, seksæringar og færingar. I mai og langt ut i juni gjekk i tillegg mjølkebåten i fast rute, morgon og kveld.

Presteskyss, jordmorskyss og doktorskyss var òg vanleg, og det gjekk fast rute mellom Lærdal og Aurland i mange år, kvar 14. dag, mot slutten av 1800-talet. Båtane vert lagra godt i dei forskjellige nausta. Desse nausta, saman med kaianlegg og bryggjer vitnar om den store ferdselen på fjorden, og kor viktig den var for livet på gardane. For dei som ikkje hadde tilkomst til fjorden, høgdegardane, var allmenningen deira kopling til strandsona og fjorden. Sjå eige kapittel.

Buføring med båt driv bonden med den dag i dag, mellom anna frå Onstad til Frondalen og frå Undredal til Bortomteigane.

Aktuelle tiltak:

Kartlegge alle spor etter ferdsel på fjorden; naust, kaier og bryggjer. Sikre viktige kulturminne med omsynssone



Figur 26. Buføring av storfe over til Fronnes. Foto: Anders Ohnstad.

12 Driftevegen

Det lønte seg for austlandsbonden å få fe og hestar over fjellet frå Vestlandet – framfor å avle opp sjølve. Det var fleire grunnar til dette. Kvar drift hadde om lag 20-30 dyr, og 2-3 driftekarar gjekk minst 2-3 mil kvar dag. Driftekarane hadde frihamner der dyra kunne beite ein dag eller to utan betaling. (Brit Tansøy – Driftevegen gjennom Sogn og Fjordane, 2003). Driftevegane knytt til Aurland gjekk frå Aurlandsvangen opp Aurlandsdalen og over til Hol, og i Flåm frå Fretheim opp Fretheimdalen og Vindesdalen

Med dampbåten vart det slutt på drivinga over fjella – kring 1900.

Aktuelle tiltak:

Gamle vegar og stiar er gode utgangspunkt for friluftsliv og bør nyttast framfor å opparbeide nye turstiar/vegar, der det er mogleg. Kople saman med kommunedelplan for fysisk aktivitet og folkehelse, og sti- og løypeplanen. Viktig å sikre kulturminne gjennom god styring av ferdsel.

13 Påbegynt veg – Undredal

Vegprosjektet Undredal – Flåm, langs Aurlandsfjorden, var eit nøyte gjennomtenkt og velgrunna prosjekt då vegarbeidet tok til i 1956. Veggen var med i vegplanen i 1940.

14 Rallarvegen

Historia bak rallarvegen er egentleg historia bak Bergensbana. Bygginga starta i 1980-åra, kor vegen frå Flåm til Myrdal og Hallingskeid stod klar i 1898. Namnet på vegen kjem av rallar, eit tradisjonelt namn på anleggsarbeidarane. Langs jernbanen ble det anlagt anleggsbrakker, hestestaller, vannverk, telefonlinjer og kraftverk. Det er anslått at det var rundt 2400 rallarar i arbeid på fjellet. På slutten av 1960-talet blei det tatt eit initiativ til å anlegge sykkelsti langs den gamle anleggsvegen. Arbeidet blei fullført i 1974. Eit viktig minne etter rallarane er Myrdalsleite forsamlingshus som no er freda. Bygget vart kalla Myrhallen, og her vart det både gudsteneste, dans og andre sosiale samkomer. *(Arne Inge Hofseth)*

15 Gamle Flåmsvegen

Hovudforbindelsen i Flåmsdalen gjekk tidlegare frå gardstun til gardstun. Fyrst som sti og kløyveveg, seinare utbygd til kjerreveg fram til Kårdalen. Vegen var svingete og bratt, og må ha vore vanskeleg å halde ved like på utsette stader kor det kunne vere skredfare etc.

Anleggsvegen frå Fretheim til Myrdal og vidare langs jernbanetraséen til Hallingskeid og Finse opna dalen på ein ny måte. Då vegen stod ferdig i 1898, tok den over mange av funksjonane til den gamla bygdavegen.

Denne gamle vegen er framleis godt synleg og farbar langs fleire strekke i dag. *(Flåmsdalen – jordbruk og landskap, 1992).*

Aktuelle tiltak:

Den gamle vegen er viktig å halde i hevd – både gjennom skjøtsel og sikring. Følgje opp sti- og løypeplanen. Tilrettelegging av denne vegen må sjåast i samanheng med kommunen sitt arbeid med besøksforvaltning.

16 Gamle støls- og kløvjavegar

Aurland har i alle tider vore kjend for sine lange og bratte stølsvegar. Lenge før dynamitten vart teken i bruk i Aurlandsdalen i 1870-åra, bukta vegen seg fram og opp på fjellet. Ein måtte rekna med å ta tida til hjelp den gongen, og verst var det ved Sinjarheimsgalden, og mellom Nesbø og Vikji. Nesbøgalden med sine stegar, stokkar og vidjer var berre ein gangveg, og kløvjarhestane måtte ta den lange vegen om Gravadalen.

Heilt fram til omtrent 1940-åra var det ca. 20 gardar med tilsaman ca. 40 bruk som mangla skikkeleg køyreveg til gards.

Aktuelle tiltak:

Kartlegge gamle støls- og kløvjavegar.



Figur 27. Sigurd Vikesland med kløv over Liverdalen. Åtnes og Vikesland har fjellstølen sin i Liverdalen. Foto: Ukjend. Aurland kommune.

17 Postvegen

Bøndene på Styvi og i Dyrdal vart tilsette som postbønder frå om lag 1660, då posten skulle gå over Stalheim-Gudvangen-Lærdal. Denne postførsla varte i over 200 år fram til 1870-åra. Posttransporten gjekk vanlegvis med båt mellom Gudvangen og Lærdal, men vinterstid la isen seg og Styvi blei stoppestad for båttransporten. Frå Styvi følgjer vegen i hovudsak strandlinja der det er mogleg og går inn til Bleiklindi der posttransporten gjekk over isen til Bakka. Vegen ligg der framleis i dag og har spor etter vakre bakkemurar, stikkrenner og grøfter. Vegen er ein viktig turrute både for lokale og besøkjande.

18 Vassbygdevegen

Frå gammalt av har kløvjevegen i Vassbygdi gått på sydsida av Vassbygdivatnet, der både steinsprang, ras og snø kunne gjere stor skade. Då utbygging av kraftanlegga knytt til Aurlandsdalen tok til kom spørsmålet om kor den ny vegen i Vassbygdi skulle ligge; på sørsida, eller på nord-vestsida. Det ble som dei lokale og heradsstyret ville, grenda fekk ein ny veg. (Ohnstad, 1990). Frå gammalt av hadde en greidd seg med ein smal kjerreveg på denne sida, bygd på 1840-talet. Den «nye» vegen var opna i 1923, og blei rassikra med Vassbygditunnelen i 1967.


Aktuelle tiltak:

Sjå på moglegheit for å opna opp vegen utanfor Vassbygdi-tunnelen. Informasjon og formidling av den gamle kløvjavegen.



Figur 28. Vassbygdevegen i 1945-60. Låvi i bakgrunnen. Foto: Mittet & co

Kart over samferdselsminne



3.10 Reiseliv og friluftsliv

Dei første turistane kom til bygda alt i 1850-åra. Det var i hovudsak velstående engelskmenn og skottar som kom for å drive jakt og fiske. Turismen som næring fekk likevel ikkje så mykje å seie før kommunikasjonane vart betre utbygd i åra kring 1900. Hotella i sveitserstil på Gudvangen og Fretheim er minne frå denne tida. Før gjestgjevarstadene kom var det presten og enkelte bønder som måtte huse ferdafolk. Alt i 1720-åra var det gjestgjevarstad kombinert med handelsverksemd på Aurlandsvangen. Dei første privilegerte gjestgjevarstadene i Aurland, Arnehus i Dyrdal og Onstad, vart først oppretta i 1737. Madam Larsenhuset, Lordahuset, Lensmannstova står att som rester etter det gamle sentrum på Onstad. Gjestgjevarstaden på Arnehus vart likevel snart ein avkrok i høve til Gudvangen, men gjestgjevarstaden på Onstad var i drift til om lag 1870-80 åra. Då vart handels- og gjest- gjevarverksemda flytta over til Aurlandsvangen.

I dag har me eit aktivt næringsliv knytt til turisme, med god erfaring på logistikk og handtering av dei over 1 million besøkjande som kjem innom kommunen. Visit Sognefjord har utarbeidd ein masterplan for reisemålet Sognefjorden med mål og tiltak. Blant dei prioriterte strategiane er «*utvikle fellesressursane*», kor det står: «*-løfte fram og utvikle kulturverdiane i heile regionen*».

Reiselivet spelar ei viktig rolle og har eit stort ansvar, knytt til formidling og ivaretaking av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, både i korleis dei fortel historia om Aurland, men og korleis dei guidar besøkjande ut i landskapet.

Aktuelle tiltak:

Syte for at besøksnæringa føl opp mål, strategiar og tiltak i masterplanen for reiseliv gjennom ein felles besøksforvaltningsplan for området, saman med kommune og fylkeskommune.

Utvalde område

| Nr. | Kulturminne/miljø | Område |
|-----|---|-------------|
| J1 | Den norske turistforeningen | Delområde 3 |
| J2 | Vangsgaarden gjestgiveri Aabelheim | Delområde 3 |
| J3 | Nasjonale turistvegar | Delområde 3 |
| J4 | Vatnahalsen | Delområde 4 |
| J5 | Gudvangen sentrum m. gamle vikingvang hotel inkl. Tingstova frå Dyrdal. | Delområde 1 |



Figur 29. Bilete av Fretheim Hotell frå 1939. Foto: Mittet & co.

J1 Turisthyttene

Østerbø fjellstove ligg ca 20 km oppi dalen frå Vassbygdi og området Østerbø (som då var to gardar) er nemnt fyrste gong i 1626. I 1938 tok dei i mot sine fyrste turistar på Østerbø Fjellstove. Før veg og elektrisitet kom i 1973, ble all mat og utstyr transportert på hesteryggen. (*aurlandsdalen.com*)

Aurlandsdalen turisthytte ligg att med Østerbø fjellstove og tok imot sine fyste gjester i 1894 som skysstasjon. Aurlandsdalen turisthytte er i dag ein betjent DNT-hytte. (*dnt.no*)

Lengre fram i dalen finn ein Steinbergdalshytta. Hytta ble oppført i 1895, og ligg 1070 meter over havet. Allereie året etter stiftinga av DNT i 1869, begynte dei å merke ei rute i Aurlandsdalen. Steinbergdalshytta hadde opphaveleg 17 overnattingsplassar. Fyrst etter opninga av Bergensbana i 1909 blei det særleg aktivitet i området. Etter 2. verdskrig blei hytta utvida fleire gonger.

Det har òg vore fleire turisthytter i Aurland, mellom anna fleire i Stondalen, noko som vitnar om ein periode med høg aktivitet av turistar som ville besøke området.

Aktuelle tiltak:

Få oversikt over reiselivet i eit historisk perspektiv.

J2 Vangsgaarden Gjestegiveri og Aabelheim

Aabelheim (Skjerdalshus) på Aurlandsvangen har ein spesiell historie. I 1752 bygde Oberst Jacob Gerhard Meidell eit hus på staden der dette huset står i dag. Meidellhuset vart skada i brann, men sett opp att på same stad. I 1801 overtok sokneprest Ole Aabel denne bygningen. Han reiv Meidellhuset, og bygde

opp huset i empirestil som står der i dag. Aabel nytta opp att delar frå dette huset, noko som i dag er særleg synleg i innvendige dører og gerikter. Huset fungerte lenge som prestebustad, men i 1942 vart det omgjort til pensjonat, og er framleis ein del av drifta på Vangsgaarden gjestgiveri. Bygget blei freda i 1941, også interiøret.

Aktuelle tiltak:

Sikre Aabelheim og Gjestegiveriet som del av det viktige bygningsmiljøet på Aurlandsvangen i nye planar.

J3 Nasjonale turistvegar

Nasjonale turistvegar er 18 utvalde vegstrekningar som går gjennom landskap med unike naturkvalitetar, langs kyst og fjorden, fjell og fossar. Strekningane skal vere eit godt alternativ til hovudvegane og køyreturen i seg sjølv skal vere ein god oppleving.

Stegastein er ein de lav denne satsinga frå Statens Vegvesen, og utsiktspunktet blei opna i 2006 for å lede trafikken over Aurlandsfjellet mellom Lærdal og Aurland. Populariteten til fleire av desse punkta, mellom anna Stegastein, har skapt trafikk-kaos i høgsesongen for turistar, og bidrege til lokale utfordringar.

Aktuelle tiltak:

Stegastein og område som er del av vegen over Aurlandsfjellet bør gå inn i arbeidet med ein besøksforvaltningsplan/strategi. Vegen går over fjellet og forbi mykje av den viktige villreinhistoria. Det er viktig å sikre desse verdiane, og syte for at historia blir formidla godt.

J4 Vatnahalsen

Hotellet på Vatnahalsen vart bygd i 1896. Den opphavlege tanken var å tilby kursopphald for dei som hadde tuberkulose. Å byggje hotell 820 meter over havet var den gong ei dristig tanke, før vegen opp Flåmsdalen var klar, og rundt ti år før Bergensbana opna i 1909. Men desse samferdsletiltaka var sjølvstekt grunnlaget for satsinga, og det handla om å vere i posisjon når turistane kom.

Eigaren av Fretheim Hotell, Marthe Fretheim gjekk i ein periode frå 1929 inn på eigarsida i Vatnahalsen.

Før krigen var Vatnahalsen eit staseleg hotell med 126 rom. I 1930-åra var hotellet ope også om vinteren, men allereie det første krigsåret brann hotellet ned. (Noralv Distad, 2016).

J5 Gudvangen sentrum og Tingstova

Tettstaden Gudvangen fortel om framveksten av ei ny tid og ei ny næring: kommunikasjonane og turismen. Busetnaden har slik ein kulturhistorisk verdi. Enkelte av bygningane har også stor eigen- verdi, som t.d. bygningane som hørde til "Vikingvang hotell". Dette er det best bevarte hotellet i sveitserstil i kommunen, og er sett i vernekategori B. Resten av bygningane er sette i vernekategori C.

Av hotellbygningane er det tidlegare "Vikingvang hotell" best bevart. Dette vart bygd i 1870-80 åra, men i 1890-åra vart det bygd på spisesal i sørenden av huset. Samstundes vart annekset på andre sida av vegen bygd om. Dette var opphavleg to lafta bygningar frå Dyrdal, som vart kjøpt på auksjon i 1739 og sett opp på Gudvangen om lag 1820. Annekset høyrer nå til Gudvangen hotell, men er i dag privat bustad. Det same gjeld Vikingvang hotell.


Aktuelle tiltak:

Sikre bygningsmiljøet i Gudvangen gjennom omsynssone og særlege føresegn.



Figur 30. Vikingvang hotell og Tingstova. Foto: O. A. Svanøe

Kart over reiseliv og friluftsliv



3.11 Forsamlinghus

Utvalde kulturminne

| Nr. | Kulturminne/miljø | Område |
|-----|-------------------------------|-------------|
| K1 | Trudvang | Delområde 3 |
| K2 | Flåm samfunnshus | Delområde 4 |
| K3 | Skjerping ungdomshus | Delområde 1 |
| K4 | Undredal ungdomshus | Delområde 2 |
| K5 | Myrdalsleite forsamlingshus | Delområde 4 |
| K6 | Bedehuset i Aurland | Delområde 1 |
| K7 | Gamle gamleheimen - Hopastova | Delområde 3 |
| K8 | Vassbygdi ungdomshus | Delområde 3 |

Forsamlingshus, ungdomshus og samfunnshus har gjennom mange generasjonar samla dei lokale i kvar grend. Desse bygga var viktige møteplassar kor ulike lag og organisasjonar kunne utøve sine lagsmøte og andre tilskipingar. Bygga representere ei unik historie om aktive ungdom, frivilligheit, kultur og samfunnsutvikling, og det er viktig at desse historiene blir teke vare på for framtida.

K1 Trudvang

I dag er Trudvang best kjend som kinoen i Aurland. Men det er framleis Aurland ungdomslag som eig bygget, som i mange år, tidleg på 1900-talet, kjempa for eit eige bygg til sine aktivitetar. I 1914 stod bygget klart, med stor scene, sal og galleri. Kjellaretasjen vart utbygd som matsal med kjøken. Ungdomshuset vart mykje brukt, og var i over 50 år de myrnaturlege samlingsstaden både for losjen, frihaldslaget, skyttarlaget, idrettslaget og andre mindre lag, som t.d.

sanitetslaget, husmorlaget, bondekvinnelaget o.a. (Ohnstad, 1990)

I 1992 starta Trudvang kino opp i det ombygde ungdomshuset, og Terje Horvei var ein av dei som gjekk i lære hos «maskinmeister» Guttorm Beck Flåm. I 2011 fekk Trudvang digitalkino og ein kunne då sjå filmar i 3D.

Aktuelle tiltak:

I dag ber bygget preg av manglande vedlikehald og forfall, både utvendig og innvendig. Det er behov for omfattande renovering og oppgradering for å sikre bygget. Tiltak må vurderast opp mot trafikktryggleikstiltak knytt til fylkesvegen som går mellom Trudvang og elva.

K2 Flåm samfunnshus

Flåm fekk sitt samfunnshus i 1954 etter å ha brukt ein tyskarbrakke på Brekke som forsamlingshus sidan krigen. Bygginga av samfunnshuset var eit fellestiltak mellom Flåm ungdomslag og Flåm arbeiderungdomslag. Eigarane av Nedre Fretheim gav fri tomt.

(Soga om Flåm, Svein Indrelid, 2003).

K3 Ungdomshuset Skjerping

Ungdomslaget «Ljom» vart skipa i 1914, og ungdomshuset vart bygd før krigen, men delvis øydelagt da Skjerpesbrui vart sprengd i dei fyrste krigsdagane i 1940. Huset vart restaurert på 70-talet, og igjen på 80-talet, det meste på dugnad. (Undredal og Nærøy, Åsmund Ohnstad, 2006)

K4 Undredal ungdomshus

Underdal Ungdomslag vart skipa allereie i 1906, og arbeidde med å få på plass eit ungdomslag var godt i gang. I 1920 var tomte kjøpt, og i 1927 stod bygget ferdig. Forutan lagsmøta, var det faste tilskipingar som skodespelfest, oppattspelfest, pakkefest, årsfest og 17-mai-fest. (*Undredal og Nærøy, Åsmund Ohnstad, 2006*)

K5 Myrdalsleitet forsamlingshus

Oppført i 1898 i forbindelse med bygginga av Bergensbanen. Freda. Føremålet med ferdinga var å verne ein bygningshistorisk, jernbanehistorisk og sosialhistorisk verdifull bygning frå bygginga av Bergensbanen. (*Kulturminner og klimaendringer, 2015*)

K6 Bedehuset i Aurland

Bedehuset i Aurland stod ferdig i 1912, same året som indremisjonslaget i Aurland vart stifta. Tidlegare hadde private stover og skulehus vore brukt som møtelokale. Bedehuset i Aurland er, til liks med andre organisasjonseigde kulturbygg, viktig å ta vare på. Bygget ligg langs Skjerdalsvegen, mellom Skinnarvikji og Vangen skule og gamle Vangen skule, og er ei n viktig de lav bygningsmiljøet langs fjorden.


K7 Gamle gamleheimen – Hopastova

Gamleheimen i Aurland vart innvia den 12. juli 1914, og var eit stort hus i si tid. Spørsmålet om eit slik bygg i Aurland hadde vore aktuelt sidan den nye fattiglova frå 1900, og Aurland fikk bygd både gamleheim, ungdomshus og bedehus samstundes. Tomta til å byggje gamleheim fekk ein på prestegarden; 5 dekar.

K8 Vassbygdi ungdomshus

Vassbygdi ungdomslag har lenge vore ein drivkraft i grenda sidan dei blei skipa, og driv aktivt den dag i dag. Dei fekk sitt ungdomshus i 1927, som ligg oppe på Veim.

Kart over forsamlingshus



Kapittel 4.

Ivaretaking av kulturarven

4.1 Organisering av kulturminneforvaltninga – Kven, Kva, Kor?

Klima og miljødepartementet har hovudansvaret for forvaltninga av kulturminne, stader og kulturmiljø i Norge. Under er ei oversikt over korleis forvaltningsansvaret er fordelt på dei ulike nivåa i forvaltninga.

Kulturminneforvatning på nasjonalt nivå. Staten ved Riksantikvaren

Riksantikvaren har ansvar for den overordna og heilskaplege nasjonale kulturminnepolitikken avgjord av Stortinget og regjeringa. Dei er rådgjevar for klima- og miljødepartementet i alle saker som omhandlar kulturmiljø, kulturminne og kulturlandskap og har forvaltningsansvar for utvalde kulturminne. Det er staten ved riksantikvaren og statsforvaltar som har mynde til å vedta fredingssaker etter kulturminnelova og som har det overordna ansvaret for ivaretaking og vern av freda kulturminne i Norge.

Riksantikvaren har vedtaksmynde for automatisk freda kyrkjer. Dei gir rådgjeving til *kirkens godkjenningsorgan* i saker som gjeld listeførde kyrkjer og har ansvar for tildeling av tilskotsmidlar frå barne- og familiedepartementet, til istandsetting og sikring av freda og listeførde kyrker. Riksantikvaren har og vedtaksmynde i omfang og konstadar for arkeologiske undersøkingar. Riksantikvaren er klageinstans for fylkeskommunes enkeltvedtak etter kulturminnelova.

Klima- og miljødepartementet er klageinstans for enkeltvedtak fatta av Riksantikvaren.

Riksantikvaren har og ansvaret for forvaltninga og utviklinga av digitale tenester som bidrar ein einskapleg praksis i kulturminneforvaltninga. Dei er systemansvarlege for Askeladden, det nasjonale registeret for kulturmiljø data. Riksantikvaren har og eit fagleg ansvar og gir rettleiing til mellom anna kommunen i kulturminnearbeidet.

Kulturminneforvatninga på regionalt nivå – Vestland Fylkeskommune

Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for kulturmiljø og har vedtaksmynde etter kulturminnelova. Dei skal syte for at kulturmiljø vert teke omsyn til i kommunal planlegging og kan forberede saker for Riksantikvaren. Fylkeskommunen har ansvar for å leda arbeidet med regional planstrategi, regionale planar og regionale planavgjerd.

4.2 Kulturminneforvaltninga på kommunalt nivå

Kommunen har ansvar for ivaretaking og tilrettelegging for bruk av kulturminne og stader, kulturmiljø og landskap i areal- og samfunnsplanlegging. Vidare skal kommunen sørge for at omsynet til at kulturarvverdiane blir sikra i alle type vedtak som kan verke inn på desse. Plan- og bygningslova er det viktigaste rettsverktøyet i den kommunale kulturminneforvaltninga men vi har og andre type tiltak til rådigheit t.d. ulike tilskotsordningar. Kommunen har samordningsplikt med øvre kulturminnemyndigheit i plan- og byggesakshandsaming på tvers av organisasjon og forvaltningsnivå. Kommunen v. teknisk eining har eit visst vedlikehaldsansvar for freda

kulturminne i form av brannsikring av utvalde bygnader/bygnadsmiljø og skjøtsel av kyrkjer og kyrkjegardar.

For å sikra god kulturminneforvatning er god oversikt og kjennskap til kulturarven i Aurland eit grunnleggande premiss. Ein viktig del av den kommunale oppgåva er derfor å sørge for at kulturminna vert registeret, med oppdaterte opplysningar, i den nasjonale registeret for kulturmiljø Askeladden. Kommunen har meldeplikt for offentlege organ i plan- og byggesaker som omfattast av kulturminnelova. (Lov om kulturminner, §25).

Organiseringa av kulturminneforvaltninga i Aurland kommune

Ansvar for Kulturminneforvaltninga i Aurland kommune ligg under kommunalområde «Samfunnsutvikling». Avdelinga har kompetanse innan plan, landbruk, kultur og klima/miljø. Eit Kulturarvteam vart oppretta i 2020 og har møter ein gong pr. månad for informasjonsutveksling og dialog om aktuelle saker. Teamet har kompetanse til å vurdere/ få vurdert kulturminneverdiane, rådgje innbyggjarar og eigarar i prosessar med kulturminne i privat eige. Det bør til ein kvar tid vere éin person som har eit kulturminnefagleg ansvar, i tillegg til teamet.

4.3 Forvaltninga av UNESCO verdsarvområde, vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden

Klima- og miljødepartementet er øvste ansvarlege mynde for oppfølging av verdsarven i Norge. Riksantikvaren og Miljødirektoratet har det faglege ansvaret for å følge opp Verdsarvkonvensjonen. Riksantikvaren koordinerer samarbeidet mellom de to direktorata.

Fylkeskommunen har ansvar for å rettleie kommunane innan tema verdsarv.

Verdsarvområdet vert forvalta gjennom det forvaltningssystemet vi har med lover, forskrifter, forvaltningsnivå og ansvar som skissert over. Statusen gjer at forvaltningsmyndigheitene har eit omsyn ekstra som må vere med i vurderinga av planar og tiltak. At store delar av kommunen har fått status som verdsarvområde betyr at det er store verdiar som skal forvaltast på vegne av samfunnet. Mykje av natur- og kulturverdiar er omfatta av planar og verneområde, med egne forvaltningsreglar.

Verneområdestyre for Nærøyfjorden arbeider for statsforvaltar i Vestland. Verneområdestyre har ansvar for forvaltning av verneområde i tråd med verneforskrifta for landskapsvernområde og natur reservat i Aurland kommune og Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde sør Nærøyfjorden. Nærøyfjorden Verneområdestyre har forvaltningsansvar for alle områda som er verna i medhald av naturmangfaldlova i kommunen.

Nærøyfjorden Verdsarvpark

vart 28. januar 2008 stifta som organisasjon av verdsarvkommunane Aurland, Lærdal, Voss, Vik og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Verdsarvparken sitt føremål er å bidra til forvaltning og utvikling på lokalt og regionalt nivå i tråd med kvalitetane som ligg i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Verdsarvparken har og som føremål å koordinere den samla innsatsen og utvikle tverrfaglege samarbeid mellom ulike aktørar.

Høyringsutkast av 18.10.23

Nærøyfjorden Verdsarvpark jobbar med prosjekt i alle dei fire vertskommunane. Stiftinga mottar støtte til kulturminnekompetanse til eigarar. Verdsarvparken utførar eit svært viktig arbeid med å gje bistand og rettleiing til eigarar av kulturminne som vil søke økonomisk støtte til istandsetting av kulturminne.

Nærøyfjorden Verdsarvpark har ei viktig rolle som ein utviklingsaktør for å ta vare på og utvikla tiltak i samsvar med verdsarvstatusen. Parken samarbeider tett eit mangfald av ulike aktørar, mellom anna skule og frivillige lag og organisasjonar, og bidrar aktivt til kompetanseheving, formidling og bevisstgjeriing kring kulturarv gjennom kurs, undervisning og arrangement.

4.4 Kulturminne i privat eige

Det store fleirtalet av kulturminna i Aurland kommune er i privat eige og det er eigar sjølv som har skjøtsel- og vedlikehaldsansvaret. Eigarane sin innsats og vilje til å ivareta kulturminna er derfor avgjerande for at kulturarven vert teke vare på for ettertida. Dei fleste kulturminna vert teke vare på anten fordi dei har ei bestemt funksjon eller fordi dei har ei spesiell betydning i den samanhengen dei høyrar til.

Alle huseigarar har ansvar for vedlikehald av husa sine, jamfør plan- og bygningslova. Eit jamleg vedlikehald og forsvarleg bruk er det beste vernet. På sikt vil det òg løne seg økonomisk, fordi ein slepp store utgifter når forfallet har gått for langt. Dette gjeld både private og offentlege eigarar og næringslivet. Eigarane av freda kulturminne etter kulturminnelova har eit spesielt ansvar for å forvalte nasjonale verdier. Innsatsen til eigarar av kulturminne som er regulert til bevaring eller andre

verneverdige kulturminne er viktig for ivaretaking av kulturminneverdiane.

SEFRAK registrerte bygnader

At eit bygg er SEFRAK-registrert tyder ikkje at bygget har eit formelt vern. Registreringa er ein indikasjon på at bygningen kan vere eit verdifullt kulturminne, eller at den høyrer til eit viktig kulturmiljø eller kulturlandskap. Det bør difor gjerast ei lokal vurdering av verdien før det vert fatta vedtak om løyve til riving, flytting eller endring av bygg.

Verna og freda kulturminne

Å eiga eit freda hus kan vere ressurskrevjande og kostbart. Staten har derfor eigne tilskotsordningar for private eigarar av freda kulturminne. Eigarane av freda kulturminne etter kulturminnelova har eit spesielt ansvar for å forvalte og ivareta nasjonale kulturarvverdier.

Eigarar av freda kulturminne eller kulturminne regulert til bevaring har eit spesielt ansvar for å søkje om løyve til tiltak som går utover vanleg vedlikehald.

Meldeplikt ved endringar for bygningar eldre enn

1850: For meldepliktige bygningar (bygningar som er eldre enn 1850), er det lovfesta i §25 i Kulturminnelova at ei vurdering av verneverdien må gjerast før søknad om endring eller rivning kan bli godkjend. Eigar må søke kommunen om alle endringar på bygninga. Kommunen sender søknaden til fylkeskommunen som skal uttale seg om søknaden før kommunen fattar vedtak. Kommunen skal melde alle endringar på bygninga til fylkeskommunen (riksantikvaren.no).

Freda kulturminne: Det er straffbart å iverksette tiltak som kan skade, skjule eller endre automatisk freda kulturminne,

inkludert ei 5 meter, sikringssone. Om du som tiltakshavar oppdagar at det er satt i gang arbeid som bryt med desse regla har du stanse- og meldeplikt til Vestland fylkeskommune. Plikta oppstår når ei oppdagar eit automatisk freda kulturminne, som ikkje er kjend tidlegare, vert oppdaga.

Nye funn skal straks innrapporterast til kulturminneforvaltninga i Vestland fylkeskommune.

Kven kontaktar eg?

- **Utføre tiltak på eit vedtaksfreda bygg, anlegg eller kulturmiljø eller eit automatisk freda kulturminne datert 1537-1650?** kontakt fylkeskommunen for å avklare om tiltaket krev dispensasjon frå kulturminnelova
- **Utføre tiltak på ein forskriftsfreda bygning (statleg eigedom), freda mellomalderbygning (før 1537) eller kyrkje?** Riksantikvaren må vurdere tiltaket før arbeida startar
- **Utføre arbeid i nærleiken av ei kyrkje?** Fylkeskommunen eller Riksantikvaren må vurdere tiltaket før arbeida startar.
- **Bygge på eit verneverdig hus?** Kontakt avdeling for Samfunnsutvikling og byggesakshandsamar i kommunen for å avklare om tiltaket er søknadspliktig og kva for føresegner som gjeld.
- **Oppdaga eit arkeologisk kulturminne?** Kontakt kulturminneforvaltninga i Vestland Fylkeskommunen for råd og rettleiing.
- **Utføre inngrep i eit arkeologisk kulturminne?** Kontakt Vestland Fylkeskommune for råd og rettleiing.

Dersom tiltaket krev dispensasjon vert saka sendt til Riksantikvaren for vurdering.

- **SEFRAK- bygg?** For alle bygningar eldre enn 1850 er det kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen som skal kontaktast. På miljøstatus.miljødirektoratet.no og miljøatlas.miljødirektoratet.no kan ein gjere kartsøk på SEFRAK registrerte bygg. Registreringa er ikkje oppdatert og kan innehalde feil og manglar. Kontakt byggesakshandsamar i kommunen om du treng informasjon om eit SEFRAK-refistrert bygg. .
- **Nærøfjorden verdsarvpark**
Mottek støtte til kulturminnekompetanse til eigarar. Dei gjer eit særleg viktig arbeid med å gje bistand og rettleiing til eigarar av kulturminne som vil søke økonomisk støtte til istandsetting av kulturminne.

4.5 Formidling av kulturarven i Aurland, og dei gode hjelparane.

Aurland kommune har mange faste oppgåver som skal fremja Aurland sin kulturarv gjennom formidling og aktiv bruk.

Dei gode hjelparane

Innbyggjarane som bur, oppheld seg og arbeider i husa og på gardane i Aurland bidreg aktivt til å halde kulturlandskap og bygnader i hevd gjennom kontinuerleg og aktiv bruk. Aurland er rikt på aktive lag og foreningar. Desse eldsjelene er, og vil fortsette å vere viktige, i arbeidet for å ta vare på og vidareføre kulturarven og kunnskapen knytt til denne. Som arrangørar av dugnadar, kurs, utstillingar, og arrangement og anna frivillig arbeid er dei viktige samarbeidspartnarar for kommunen og andre som vil ta vare på, skapa aktivitet og helde liv kulturarven til Aurland. Dette gjeld både *den materielle*

Høyringsutkast av 18.10.23

kulturarven som bygningar, gjenstandar og kulturlandskap, og den *immaterielle kulturarven* gjennom vidareføring av tradisjon og kunnskap.

Det lokale nærings- og reiselivet i Aurland er flinke til å bruke verdiane som ligg i kulturarven til å skape næring og sikra skjøtsel gjennom aktiv bruk og formidling. Det ligg framleis eit stort potensiale for desse næringane til å utvikle nye produkt og økonomisk vekst.

Skule og opplæring

Sogn Jord- og Hagebruksskule, kompetanseheving. Prosjekter i Aurlandsdalen; Sinjarheim; Aurland Barne- og Ungdomsskule og Flåm skule: skape bevisstheit og kunnskap gjennom fokus på kulturminne og kulturarv i undervisninga.



Figur 31. Sinjarheim er ei av dei viktigaste kulturskattane me har i kommunen, og blir vitja av ca 15.000 besøkjande i året, både lokale, men og frå elles i landet og frå utlandet. Foto: Noralv Distad.

Kapittel 5.

Mål, strategiar og tiltak

Aurland kommune har ein rik kulturarv som både innbyggjarar og besøkande skal ha moglegheit til å nytta og ta del i. Kunnskapsgrunnlaget vi har kring kulturarven dannar grunnlaget for god ivaretaking og for å kunne ta i bruk kulturarven på ei fornuftig og framtidsretta måte. Aktiv bruk skapar behov som igjen er med på å sikra ivaretaking og skapar eit spanande miljø som utgangspunkt for verdiskaping og kulturarv som ei viktig samfunnsressurs.

5. 1 Mål for kulturarvsatsinga i Aurland kommune

Det overordna målet til Aurland kommune er ein god balanse mellom å ta vare på dei enkelte kulturminna, sikre god forvaltning og formidling av kulturarven og gje minnerike opplevingar for dei lokale og besøkjande.

Tre konkrete mål skal hjelpe oss å ta vare på kulturarven

- 1. Auka kunnskap om kulturarven**
- 2. Sikre betre forvaltning av kulturarven**
- 3. Gjennom desse to bidra til å utnytte den ressursen som ligger i kulturarven**

«Kulturarven i Aurland kommune skal vere ein viktig ressurs i lokalsamfunnet»

5.2 Strategiar og tiltak

Strategiane og tiltaka er knytt til måla for kommunedelplanen. Strategiane beskriv dei overordna handlingane som må takast for arbeidet med sikre kulturarven i Aurland kommune.

Aktuelle tiltak er lista opp under fleire av dei utvalde kulturminna, og er ikkje uttømmande. Prioriteringar av desse verte gjort i samband med utarbeiding av tiltaksplanen som eit eige dokument. Kven som står ansvarleg for mogleg oppfølging av aktuelle tiltak er avhengig av kven som er grunneigar, omfang og prioritering.

1. Auka kunnskap om kulturarven:

Aurland kommune skal, i samarbeid med andre aktørar, bidra til å auke kunnskapen og kompetansen om kulturarvverdiane i Aurland. T.d. gjennom kurs og opplæring.

Kva kan me gjere:

- Betre kommunikasjon i forvaltninga
- Betre formidling på tvers av aktørar (forvaltning, frivillige lag/organisasjonar og næring)

Korleis kan me gjere det:

- Støtte arbeid med etablering av bygningsvernssenter /byggningsvernkonsulent
- Elektronisk formidling av kulturminne
- Kartlegge vatningsveiter
- Formidlingsopplegg med skular og barnehagar
- Laga produktark for kvart kulturminne
- Kartlegge stølar

2. Sikre betre forvaltning av kulturarven:

Aurland kommune skal sørge for at kulturminne med stor verdi lokalt, regional, eller nasjonalt, vert registrert med oppdaterte opplysningar i nasjonale databasar for kulturminne. Aurland kommune skal, gjennom kommuneplan og reguleringsplan etter plan- og bygningslova, verne kulturminne som vert vurdert til å ha ein lokalt viktig verdi.

Kva kan me gjere:

- Styrke vern av kulturminne/kulturmiljø
- Vern gjennom bruk
- Implementering i overordna planar
- Knytte kulturarven opp mot klimaendringar og klimatiltak i kommunen

Korleis kan me gjere det:

- Arbeide for levande stølsmiljø - Aurland kommune skal arbeide for å fremja og sikra betre kår for drift slik at eigarar kan halda miljøet i god stand
- Sikre viktige kommunale bygg
- Formidle den immaterielle kulturarven, som t.d. foto, gjennom betre tilgjenge
- Branntryggleikstiltak
- Estetikk-retteiar, landskapsanalysar og stadanalysar
- omsynssoner etter plan og bygningsloven
- Kartleggje automatisk freda kulturminne

3. Gjennom desse to bidra til å utnytte den ressursen som ligger i kulturarven.

Aurland kommune skal legga til rette for at ulike aktørar skal kunne bruke kulturarven som ressurs for utvikling, aktivitet og næring.

Kva kan me gjere:

- Betre tilrettelegging og samhandling
- Arbeide for ein brei verdiskaping

Korleis kan me gjere det:

- Arbeide vidare med strategiske tiltaksplanar for kulturarven i Aurland.
- Frivilligheitsstrategi/frivilligmelding
- Samarbeid om temautstillingar.

5.3 Tiltaksplanen

Tiltaksplanen vert utarbeidd som eige dokument, på bakgrunn av dette dokumentet. Prioriteringane i tiltaksplanen vil bli innarbeidd i økonomiplanen. Tiltaksplanen vil syne ei oversikt over dei prioriterte tiltak basert på måla, strategiane og forslag til aktuelle tiltak i dette dokumentet.

Oversikten dekke både kortsiktige og langsiktige behov. Langsiktige behov er tiltak som ikkje er kostnadsrekna og/eller ikkje har fastsette tidsrom for gjennomføring.

Tiltaksplanen skal rullerast.

Kapittel 6.

Litteraturliste

Bøker

- Indrelid, Knut (2003). *Soga om Flåm, band 1 og 2*. Selja Forlag
- Ohnstad, Åsmund (2006). *Undredal og Nærøy –Gard og Ætt*. Selja Forlag
- Ohnstad, Anders (1990). *Aurland bygdebok, 1-3*. A.S. JOHN GRIEG

Rapportar/artiklar

- Hatling, Anne Karin (1990). *Natur- og kulturkvalitetar i Nordheimsdalen*.
- Clemetsen, Morten (1992). *Flåmsdalen–Jordbruk og landskap*
- Riksantikvaren (2021). *Klima og kulturmiljø i Aurland kommune - Risikovurdering og planlegging av risikoreduserande tiltak*.
- Riksantikvaren (2015). *Kulturminner og klimaendringer – pilotprosjekt i Aurland kommune*.
- Skrede, Marit. Valvik, Tor Arne. *Støl og gard i jernalderen på Vestlandet*.
- Bøtun, Siri (2006). *Fronnes i Aurlandsfjorden*. Aurland Naturverkstad
- Forvaltningsplan – Nærøyfjordområdet, 2008.
- Lykkja, Hanne. *Stadanalyse Undredal*. 2015
- Lykkja, Hanne. *Landskapsanalyse – Nærøyfjordområdet*. 2016
- Verdiar i Flåmsvassdraget*, Aurland kommune i Sogn og Fjordane. 2001
- Tansøy, Brit. *Driftevegen gjennom Sogn og Fjordane*. 2003
- Restaureringsplan – Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden. Vestland fylkeskommune.

- Bøthun, Siri. *Slåttelandskapet Stokko*. 2006. Aurland Naturverkstad
- Kommunedelplan for kulturlandskapet i Flåm og Flåmsdalen*. 1994
- Clemetsen, Morten. *Strategisk tiltaksplan for kulturarv i Aurlandsdalen*. 2019
- Tiltaksplan -tun og kulturlandskap*. Sogn Jord- og Hagebruksskule. 19197
- Forvaltningsplan – Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområdet*. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 2008.

NKuettstader

- www.naroyfjorden.no
- www.vestnorskfjordlandskap.no
- www.villrein.no
- www.vestlandfylke.no
- www.fylkesarkivet.no
- www.ut.no
- www.dnt.no
- www.aurlandsdalen.com
- www.aurlandsogelag.no
- www.flickr.com (arkiv – bilete)
- www.riksantikvaren.no
- www.nb.no (Nasjonalbiblioteket)

Kapittel 7.

Vedlegg

-«Plan for vern av kulturminner i Aurland kommune, del 1 – materielle kulturminner»

-«Plan for vern av kulturminner i Aurland kommune, del 2 – Immaterielle kulturminner»

-«Strategisk tiltaksplan for kulturarv i Aurlandsdalen»